



Åseral kommune

# KOMMUNEPLAN 2015 - 2025


Samfunnsdelen

Vedteken i kommunestyret 25.06.2015, sak 15/25










# INNHALD

<b>1 Innleiing</b>	<b>4</b>	<b>4 Åseral - attraktiv som bustadkommune</b>	<b>13</b>	<b>8 Samfunnstryggleik og beredskap</b>	<b>30</b>
1.1 Medverknad og organisering av planarbeidet	5	4.1 Status innbyggjartal, demografi, befolkningsutvikling, pendling	14	8.1 Føringer i lovverket	30
1.2 Visjon	5	4.2 Status og utfordringar innan skule og barnehage	16	8.2 Risiko- og sårbarhetsanalyse (ROS-analyse) for Åseral	30
1.3 Motto	5	4.3 Status og framtidig trong innan omsorgstenester	19	8.3 Klimatilpasning	30
1.4 Verdier	5	4.4 Mål og strategiar for ein attraktiv bustadkommune	21	8.3.1 Overordna målsetning for arbeidet med klimatilpasning	31
1.5 Overordna målsetting	6	4.4.1 Inkludering, varme og glødande entusiasme	21	8.3.2 Hendingar knytt til klimaendringar	31
1.6 Om arbeidsgruppene si tilnærming gjennom modellen frå Telemarksforskning	6	4.4.2 Kraftfulle liner	21	8.3.3 Lokale konsekvensar av klimaendringar – strategi for oppfølging	31
<b>2 Åseral – attraktiv for næringsverksemd</b>	<b>7</b>	4.4.3 Kunnskapsmagasinet skal fyllast	21	<b>9 Frå ord til handling</b>	<b>33</b>
2.1 Status	7	4.4.4 Minne® som strøymer	21	FOTO	34
2.2 Mål og strategiar for næringsarbeidet	8	<b>5 Folkehelse</b>	<b>22</b>	<b>VEDLEGG</b>	
2.2.1 Ungdom	8	5.1 Overordna målsetjingar og strategiar for folkehelsearbeidet	23	<b>Vedlegg 1</b>	<b>36</b>
2.2.2 Langrenn og skiskyting	8	<b>6 Likestilling</b>	<b>25</b>	Skule og barnehage - status og utfordringar	
2.2.3 Kompetanse	9	6.1 Status	25	<b>Vedlegg 2</b>	<b>41</b>
2.2.4 Digital kommunikasjon	9	6.2 Likestilling - mål og strategiar	27	Omsorg i Åseral 2015-2030	
2.2.5 Næringsområde	9	<b>7 Energi og klima</b>	<b>28</b>	<b>Vedlegg 3</b>	<b>47</b>
2.2.6 Disponering av næringsfond	9	7.1. Status	28	Folkehelseprofil for Åseral 2015	
2.2.7 Nye større etableringar	9	7.1.1 Utslepp av klimagassar	29		
<b>3 Åseral – attraktiv for vitjande</b>	<b>10</b>	7.1.2 Produksjon av fornybar energi	29		
3.1 Status	10	7.1.3 Energiforbruk	29		
3.2 Mål og strategiar for å gjere Åseral attraktiv for vitjande	11	7.1.4 Utslepp frå transportsektoren	29		
3.2.1 Menneske og forteljingar	11	7.1.5 Produksjon av bio-brensel	29		
3.2.2 Tilgjenge	11	7.1.6 Renovasjon	29		
3.2.3 Marknadsføring	11				
3.2.4 Aktivitetar	11				
3.2.5 Produktutvikling	12				
3.2.6 Bærekraftig reisemål	12				



# 1 INNLEIING

I tråd med kommunal planstrategi frå 2012 er det utarbeidd eit forslag til ny kommuneplan for Åseral. Planforslaget byggjer på planprogrammet som vart vedteken i kommunestyret 9.9.2014. Det er samfunnsdelen som er revidert denne gongen. Visjon, motto, verdiar og overordna målsetting er vidareført frå førre plan.

Hovudmålsetting for planarbeidet har vore at talet på innbyggjarar skal aukast gjennom å styrke Åseral sin attraktivitet. For å nærme seg problemstillinga er det teken utgangspunkt i ein modell frå Telemarkforskning. Sjå nærmare omtale i kap. 1.6. Ut frå dette er det peika ut tre satsingsområde:

ATTRAKTIVITET FOR NÆRINGSVERKSEM  
ATTRAKTIVITET FOR VITJANDE  
ATTRAKTIVITET FOR BUSETNAD

**I tillegg er det peika ut eit satsingsområde knytt til energi og klima.**

Tema folkehelse og likestilling er og gjeven ei særskild merksemd i planen.

I tråd med planprogrammet har ein ved denne revideringa lagt vekt på dei viktigaste utfordringane kommunen står overfor. På denne måten ønskjer ein at kommuneplanen skal vera eit tydeleg styringsdokument.

For gjennomføring av planen er det vesentleg at denne vert følgt opp med ein handlingsdel med økonomiplan og budsjett. Sjølv om dette er ein kommuneplan, er det ikkje gjeven at det er kommunen som skal gjennomføre og koste alle tiltak. I praksis skal gjennomføring skje i samarbeid mellom det offentlege, privat næringsliv, frivillige organisasjonar mv.

Planlegging kan kort seiast å vera og leggje til rette for ei ønskt utvikling. Samstundes veit ein at dei største påverknadane ofte kjem utanfrå, til dømes som følge av skifte i verdsøkonomien eller politisk styre. I skrivande stund er kommunen oppe i ei større kommunereform der framtidig kommunestruktur og oppgåver er uvisst. Gjennom kommuneplan prosessen har det vore ein diskusjon om korleis dette bakteppet skal prege kommuneplanarbeidet. Det har likevel vore

semje om at fokus må vera å utvikle Åseral som ein attraktiv stad å bu, uavhengig av kva som kjem ut av kommunereforma. Mål og strategiar i planen må sjåast i dette perspektivet.

Åseral kommune deltek i to kommunereformprosjekt; Midtre Agder med kommunane Åseral, Audnedal, Hægebostad og Marnardal, Indre Agder med kommunane Åseral, Bygland og Evje og Hornnes. For begge prosjekta er det lagt til grunn ei vidareføring av eit desentralisert tenestetilbod innan skule, barnehage og eldreomsorg. Dette gir rom for å planleggje langsiktig og nyskapande innan desse breie ansvarsområda. Innan nemnde område kan ein ny kommunestruktur gi rom for å organisere enkelte støtte- og spissfunksjonar meir effektivt og med høgare kvalitet for brukarane.

I begge reformprosjekta er det så langt lagt til grunn at det i ein eventuelle ny kommune skal vera satsing på næring og utvikling av arbeidsplassar i eksisterande sentra. Dette gir rom for at ein i kommuneplanarbeidet kan vera ambisiøs, handlingsretta og langsiktig.



## 1.1 MEDVERKNAD OG ORGANISERING AV PLANARBEIDET

I planprosessen er det lagt vekt på politisk deltaking og forankring undervegs. Arbeidet starta opp med drøftingar i leiargruppa og kommunalutvalet i januar 2014. I februar vart det halden eit temamøte for kommunestyret der eksterne foredragshaldarar deltok. I fortsettinga vart det utarbeidd eit forslag til planprogram som vart sendt på høyring i juni 2014.

Arbeidsgruppene knytt til dei 4 satsingsområda har vore sentrale for utarbeiding av planforslaget. I august 2014 vart det halden eit felles oppstartsmøte på Heddan gard der arbeidsgruppene var samla. Arbeidsgruppene har etter dette arbeidd sjølvstendig med dei ulike satsingsområda.

Arbeidsgruppene har vore breitt sett saman. Felles for alle fire gruppene er to politiske representantar i kvar gruppe samt at representantar frå administrasjonen har fungert som sekretærar.

Engasjementet i arbeidsgruppene har vore godt. Likevel er det krevjande å skulle samle alle deltakarane til dei arbeidsmøta det er trong for. Enkelte grupper har òg slite med å få deltaking frå eksterne aktørar sjølv om desse i utgangspunktet ønskja å vera med.

For koordinering av arbeidet og for å ha sams oppfatning av struktur og form på det som skal leverast har det vore halden eigne møter mellom leiingar og sekretærar

i arbeidsgruppene og administrativ koordineringsgruppe. For organisering av arbeidet vart det synt til planprogrammet kap. 4.

Undervegs i planarbeidet har det vore halden eitt folkemøte. Møtet var lagt opp med eit innleiande foredrag med tema likestilling. Det vart deretter gjennomført ein verkstad med satsingsområda som tema. Ei oppsummering av innspel frå folkemøte vart i etterkant sendt ut til arbeidsgruppene.

## 1.2 VISJON

**Åseral – ei positiv kraft**

## 1.3 MOTTO

**Vi kan, vi vil og då skal vi få det til!**



## 1.4 VERDIAR

### SÆRPREGA

- Fordi vi vil ta vare på tradisjonane
- Fordi vi tør skilja oss ut
- Fordi vi trur særpreg gjer oss attraktive

### VENLEG

- Fordi vi skal vera best på service
- Fordi vi bryr oss om kvarandre
- Fordi vi ønskjer nye tankar og folk velkomne
- Fordi vi er gjestfrie

### AKTIV

- Fordi vi vil at noko skal skje
- Fordi vi har ressursar til å yte
- Fordi vi saman skapar utvikling
- Fordi vi saman formar framtida

### ROMSLEG

- Fordi vi tolererer ulikskap
- Fordi vi har respekt for kvarandre
- Fordi vi trur mangfald gjev utvikling



## 1.5 OVERORDNA MÅLSETTING


Alle i Åseral skal oppleve god livskvalitet og vera godt rusta til å møte framtida

## 1.6 OM ARBEIDSGRUPPENE SI TILNÆRMING GJENNOM MODELLEN FRÅ TELEMARSKFORSKING

Ved revidering av kommuneplanen er det teke utgangspunkt i modellen frå Telemarkforskning. I modellen står omgrepet attraktivitet sentralt. Attraktivitet vert forklart ved faktorane omdømme, areal- og bygningar, ameniteter, identitet og stadleg kultur. Som det går fram av figuren over kan innhaldet i desse faktorane variere ut frå kva ståstad ein har (bedrift, besøk eller bustad). Satsingsområda i planen speglar denne tilnærminga.

	Bedrift	Besøk	Bosted
Omdømme	Omdømme som sted å drive næringsliv	Omdømme som sted å besøke	Omdømme som sted å bo
Areal og bygninger	Næringsarealer Lokaler Næringshager	Areal til hytter Eksisterende hytter Overnattingskapasitet	Tomteareal Boliger Tilgjengelighet
Ameniteter	Tilgang til forretningstjenester Service i kommunen FoU og kompetanseinstitusjoner Tilgang på kompetent arbeidskraft	Naturligheter Tilrettelegging friluftsliv Kulturtilbud Sport og fritidstilbud	Kommunens tjenester, barnehage, skole etc. Naturherligheter Tilrettelegging friluftsliv Kulturtilbud Sport og fritidstilbud
Ident og stedlig kultur	Nettverk mellom bedrifter Klynger Innovasjonsklima Samarbeid mellom næringsliv og kommune	Gjestfrihet Serviceholdning Samarbeid mellom besøksnæringene Destinasjonsutvikling	Lokal identitet Gjestfrihet Toleranse Samarbeidsånd Utviklingskultur

Kjelder: Telemarkforskning





# 2 ÅSERAL – ATTRAKTIV FOR NÆRINGSVERKSEMD

Gjennom kommuneplanarbeidet har ein sett på korleis Åseral kan auke sin attraktivitet for næringsverksemd. Attraktivitet handlar i den samanheng om at det er til stades føresetnader som gjer det mogleg å tena pengar.

For å oppnå god lønsemd i verksemdar må tre hovudgrupper av føresetnader vera til stades i nokon grad. Føresetnadane gjeld alle bransjer:

- Stordriftsføremøner
- Barrierar mot konkurranse
- Automatisering/effektivisering

Dersom ikkje desse føresetnadene, som ofte blir kalla industrielle prosessar, er til stades i ei eller anna grad, handlar næringsverksemd om å bytte eiga arbeidskraft mot løn.

Å skape attraktivitet for næringsverksemd handlar difor grunnleggande om å skape desse føresetnadene.

## 2.1 STATUS


Følgjande synest å vera karakteristisk for stoda i Åseral når det gjeld attraktivitet for næringsverksemd:


- God tilgang på næringsareal til relativt låg pris
- God kommunal økonomi som gjer det mogleg å støtte investeringar og utviklingsarbeid
- Utfartsområda våre ligg nær befolkningsentra og særleg Bortelid begynner å få litt volum
- Lite tilgang til ledig kompetent arbeidskraft
- Liten lokal marknad
- Verksemdar med låg grad av digitalisering har noko avstandulemper i form av høge fraktkostnader etc.

Kommunen sitt næringsarbeid er ein integrert del av det offentlege tiltaksapparatet. Kommunen arbeider ganske tradisjonelt, med noko meir fokus på tilskotsordningar enn andre stadar.

Dette skuldast nok i stor grad den relativt gode kommunale økonomien.

Ei tradisjonell forståing av kommunen sitt næringsarbeid har gjerne vore knytt til fordeling av tilskot og det å leggje til rette for næringsareal. Omgrepet bør likevel tolkast i ei mykje vidare forstand slik oversikten i figuren på neste side gir eit døme på (FIGUR 1)





## 2.2 MÅL OG STRATEGIAR FOR NÆRINGSARBEIDET

### Hovudmålsetting

Åseral skal vera attraktiv for næringsverksemd, og ha eit allsidig og variert næringsliv. Det skal vera lagt til rette for at verksemdar kan oppnå god lønsemd gjennom stordriftsføremøner, eksklusivitet på grunn av kunnskap, patent eller tilgang til spesielle ressursar (såkalla barrierar mot konkurranse) og/eller automatisering av produksjonsprosessen.

### 2.2.1 UNGDOM

#### Målsetting

Åseral skal vera den kommunen i Agder som best integrerer ungdom i arbeidslivet

#### Strategi

- Sommarjobbgarantien skal vidareutviklast ved at kommunen si rolle vert redusert. Landbruksrådet og næringsrådet er naturlege samarbeidspartnarar.
- Kommunen skal utvikle ein offensiv politikk for satsing på lærlingar saman med private verksemdar. Byremo vidaregåande skule er ein naturleg samarbeidspartnar i dette arbeidet.

### 2.2.2 LANGRENN OG SKISKYTING

#### Målsetting

Bortelid skal bli Sørlandets fremste destinasjon for langrenn og skiskyting. Utviklinga skal skje i eit samarbeid mellom idretten, grunneigarar, utbyggjarar, hyttelag, kommunen og andre aktørar.

#### Strategi

- Opprette ei prosjektgruppe med deltakarar frå dei ulike aktørane som skal arbeida målretta med gjennomføring av prioriterte tiltak
- Auka mengde og kvalitet på oppkøyde skiløyper



- Oppretting av stilling som idrettskoordinator. Denne skal utvikle, organisere og marknadsføre anlegg og arrangement i området
- Etablering av sommarskiløyper med fast dekke for rullerki
- Etablering av anlegg for produksjon av kunstsno for stadionanlegget og delar av konkurranseløypene

## 2.2.3 KOMPETANSE

### Målsetting

Næringsutvikling skal skje ut frå ein brei kunnskap om føresetnadar og moglegheiter innafor dei ulike bransjane.

### Strategi

- Det skal vera ein nær dialog mellom kommunen og ulike bransjar. Ein skal lære av andre.
- Kommunen og næringsliv skal saman vitje andre stadar for å studera og lære av kva andre har fått til. Næringsråd og landbruksråd er naturlege samarbeidspartar for kommunen.
- Åseral skal ha fire magnetarbeidsplassar innan 2021, dvs arbeidsplassar som er særleg attraktive og der det er enkelt å rekruttere godt kvalifisert arbeidskraft

## 2.2.4 DIGITAL KOMMUNIKASJON

### Målsetting

Alle mobilmaster skal ha 4G før utgangen av 2017

### Strategi

- Ha nær dialog med eigarane av mobilnett

## 2.2.5 NÆRINGSOMRÅDE

### Målsetting

Kommunale næringsområde skal gje grunnlag for utvikling av eksisterande verksemdar og etablering av nye.

### Strategi

- Kommunen skal tilby næringsstomter. Administrasjonen legg fram ei sak for kommunestyret med framlegg om strategi for utvikling av eksisterande næringsområde på Toddemonen.



## 2.2.6 DISPONERING AV NÆRINGSFOND

### Strategi

Det skal gjerast ein gjennomgang av tilskotsordningane for landbruk og anna næring med sikte på klarare prioriteringar.

## 2.2.7 NYE STØRRE ETABLERINGAR

### Strategi

Det skal arbeidast for etablering av ein eller fleire større nærings- eller institusjonsverksemdar i Åseral. Kommunen vil ha ei offensiv og brei tilnærming i ei slik satsing.



# 3 ÅSERAL – ATTRAKTIV FOR VITJANDE

## 3.1 STATUS

Åseral er først og fremst kjend som ein stad for vinterturisme og av mange kalla Noregs sørlegaste vinterdestinasjon. Her ligg 3 alpinanlegg og om lag 10 mil med preparerte skiløyper. Lokalisert 10 mil frå kysten og med ferjetilbod til Danmark er potensialet for tilreisande stort. Nærleiken til Europa er kanskje Åseral sin største føremon i konkurranse med andre destinasjonar i Sør-Noreg.

Det er trong for å kunne tilby dei vitjande eit betre overnattingstilbod.

I dag er det bare ei kommersiell overnattingsverksemd som tilbyr varme senger. I tillegg kjem ein del utleigehytter, samt campingplass. Utfordringa sett frå tilbydar er sjølvstapt at tal vitjande varierer mykje gjennom året, noko som gjer det vanskeleg å få økonomi i ei slik satsing. Det er òg trong for å kunne tilby eit breiare spekter av aktivitetstilbod, ikkje minst sommaraktivitetar.

Talet på fritidsbustader i kommunen er om lag 2000 einingar. Dette er ein monaleg ressurs som gir ringverkander lokalt knytt til leveranse av varer og

tenester. Ein ytterlegare auke i talet på overnattingsdøgn på fritidsbustadane vil kunne gi ein monaleg auke i etterspurnaden etter varer og tenester.

Årleg finn det stad ei rekke arrangement kring i kommunen. Eikerapen Roots-festival og Bygdeutstillinga er kanskje dei mest kjende. Det er viktig at slike arrangement vert utvikla og vidareført.

Minne kultursenter er Åseral si kulturelle storstove. Her ligg òg kommunen sitt turistkontor.



## 3.2 MÅL OG STRATEGIAR FOR Å GJERE ÅSERAL ATTRAKTIV FOR VITJANDE

### Hovudmålsetting

Vitjande i Åseral skal oppleve eit vertskap som er varmt og inkluderande, og som formidlar den lokale kulturen i forteljingar, i kunst og mattradisjonar, naturopplevingar og aktivitetar. Åseral kommune skal gjennom sertifisering som «Bærekraftig reisemål» leggje til rette slik at reiselivsnæringa står betre rusta for framtida.

### 3.2.1 MENNESKA OG FORTELJINGAR

#### Målsetting

Innbyggjarane i Åseral skal bli medviten si rolle som vertskap for vitjande og aktivt bidra for at dei får ei god oppleving av kommunen

#### Strategiar

- Etablere eit eige vertskapsprogram som vert implementert alt i skulen
- Større medvit om kva vitjande betyr for kommunen
- Formidling av lokale historier

### 3.2.2 TILGJENGE

#### Målsetting

I Åseral skal det leggjast til rette med fysiske tiltak slik at vitjande finn fram og lett kan sjå kva ein kan finne i kommunen.

Knytte reiselivsområda nord i kommunen tettare saman ved utbygging av vegsamband og løypenett.

### Strategiar

- Rasteplassar med oppdaterte informasjonstavler
- God skilting i heile kommunen for å gjera det enkelt for vitjande å finne fram. «Velkomen til Åseral» og «Takk for besøket» ved innfartsvegane
- Informasjonsskjerm på utsida av Minne
- Mobildekning av høg kvalitet i dei områda av Åseral som folk ferdast
- Minne kultursenter har ope dagleg innan utgongen av 2016
- Gjennom eit forprosjekt skal det innan 2017 vera utarbeida eit grunnlag for å ta stilling til ei eventuell realisering av eit framtidig vegsamband Bortelid - Ljosland
- Åseral kommune ser verdien av og er positiv til at vegtraseen mellom Geiteskarvegen og Eikerapsvegen vert omklassifisert til fylkesveg

### 3.2.3 MARKNADSFØRING

#### Målsetting

Åseral skal vera synleg i alle media og bli eit kjend reisemål i landsdelen

#### Strategiar

- Semje om ein mediestrategi med tilhøyrande opplæring for dei involverte
- Gode nettsider med kjenneleg profilering (bærekraftig reisemål)
- Vi ser at eksisterande gjestar er våre viktigaste marknadsførarar og vil leggje til rette for at dei fortel om sine gode opplevingar på sosial media



- Turistinformasjon skal vera lett tilgjengeleg på kvar destinasjon. Minne kultursenter lagar informasjonspakker

### 3.2.4 AKTIVITETAR

#### Målsetting

I Åseral skal det gjennom året vera ei stor breidde av arrangement og aktivitetar for alle

#### Strategiar

- Skape nye arrangement samt utvikle dei som allerede finst
- Fleire godt merka tur- og skiløyper med høveleg standard
- Etablering av kulturløyper knytt til dei ulike reisemåla
- Betre tilrettelegging for born i hytteområda
- Innan 2030 har Åseral attraksjonar som vert omtala og lagt merke til nasjonalt



### 3.2.5 PRODUKTUTVIKLING

#### Målsetting


Skape særegne lokale produkt av god kvalitet. Åseral skal bli leiande i landsdelen innan produksjon og profilering gjennom film.

Gjennom produksjon av kvalfangstfilmen og pågåande produksjon av dokumentar frå krigen har kommunen synt at den har det som skal til for å lage film av høg kvalitet. Dette skal utviklast vidare ved å produsere ferdige innslag til media, noko som er viktig for å profilere Åseral.

#### Strategiar

Gjere tradisjonane synlege samt legge til rette for utvikling innan:

- Matkultur
- Kunst
- Musikk




### 3.2.6 BÆREKRAFTIG REISEMÅL


#### Målsetting

Gjennom sertifisering som «Bærekraftig reisemål» skal vi gjera Åseral som destinasjon meir attraktiv for vitjande.

#### Strategi

- Alle reiselivsverksemder i Åseral skal vera sertifisert under merket «Bærekraftig reisemål» innan utgongen av 2018
- Åseral kommune skal utføre naudsynte tiltak jamfør kriteria og indikatorar som er lista opp i «Standard for bærekraftig reisemål»





# 4 ÅSERAL - ATTRAKTIV SOM BUSTADKOMMUNE

Auke i innbyggjartalet er vesentleg for sosialt miljø, trivsel, kommunale tenester, skatteinngang og omsetning i lokale verksemdar. Dette er nærmare omtala i kap. 1.6. Med dette som bakteppe er det sett

nærmare på kva som skal til for å gjere Åseral meir attraktiv som bustadkommune. Til innleiing (kap. 4.1) er det teken med ein del sentral statistikk knytt til innbyggjartal, demografi og pendlingsstrøm.


I tråd med planprogrammet er det lagt særleg vekt på skule og barnehage, samt helse- og omsorgstenester. Områda er særskilt omtala i kap. 4.2 og 4.3. Mål og strategiar for å gjere kommunen meir attraktiv som bustadskommune er teken inn i kap. 4.4

# 4.1 STATUS INNBYGGJARTAL, DEMOGRAFI, BEFOLKNINGS- UTVIKLING OG PENDLING

## Utviklinga i innbyggjartalet

Figur 2 syner utviklinga i innbyggjartalet frå 2000 til 2014, med 923 innbyggjarar 1.1.2015.

(FIGUR 2)




(FIGUR 2) Kjelde: SSB

## Befolkningsamansetning

Tal innbyggjarar må sjåast i nær samanheng med alders- og kjønnsamansetning. Figur 3 syner folkemengd etter kjønn og alder i 2014. Som det går fram av figuren er kjønnsbalansen skeiv i aldersgruppa 19 til 66 år, med ei overvekt av menn.

(FIGUR 3)




(FIGUR 3) Kjelde: SSB

## Framskriving av innbyggjartalet

Ut frå ei framskriving vil Åseral passere 1000 innbyggjarar kring 2030. Sidan utgangspunktet er såpass lite, vil sjølv små endringar gi store utslag.

(FIGUR 4)




(FIGUR 4) Kjelde: SSB

## Framskriving av innbyggjartalet fordelt på aldersgrupper

For å vurdere framtidig tenestetilbod, er det nyttig å sjå på korleis alderssamansetninga vil utvikle seg. Figur 5 syner mellom anna at mot slutten av 2020-talet vil ein få auka tal eldre. Det store biletet er likevel at samansetninga også på sikt verkar sunn.

(FIGUR 5)




(FIGUR 5) Kjelde: SSB



## Tal fødde 2000 – 2014

Figur 6 syner tal fødde i perioden 2000 - 2014. Figuren illustrerer godt svinginga i årskulla med dei utfordringar dette kan gi i høve til bemanning i barnehage og skule.

(FIGUR 6)



(FIGUR 6) Kjelde: SSB

## Inn- og utpendling til kommunen

Det er stor netto innpending til kommunen. Sjølv om ein veit lite om kva som ligg bak desse tala, bør ikkje mangel på arbeidsplassar vera ein avgrensande faktor for auka i innbyggjartalet

2013	Personar som pendlar INN i kommunen	Personar som pendlar UT av kommunen
Menn	187	100
Kvinner	95	45



## 4.2 STATUS OG UTFORDRINGER INNAN SKULE OG BARNEHAGE

Det er laga ein oversikt over status og utfordringar innan skule og barnehage. Denne ligg som vedlegg 1 til plandokumentet (Skule og barnehage – status og utfordringar). Hovudpunkta er teken inn i det følgjande.

### Driftsutgifter i barnehage og skule

I barnehagen har det vore ein nedgang i kostnader i 2013 samanlikna med 2011 og 2012. I kostnader ligg Åseral over gjennomsnittet i Vest-Agder, men under gjennomsnittet for kommunegruppe 6. Justeringar i høve til gruppestorleik og fordeling av bemanning har her gitt positive utslag. Grunna svingingar i tal barn i barnehagen er det ei utfordring å nytte ressursane fullt ut. Det er i dag tillate å endre barnehageplassen med ein månads varsel.

Barnehagen må halde fram med å sikre pedagognorm i høve til storleik på barnegrupper. I tillegg blir det viktig å halde ei

fornuftig kostnadsramme på barnehage-tilbodet, slik at vi ligg nær gjennomsnittet til den kommunegruppa vi høyrar til. Skulen må arbeide mot å få ei kostnadsramme på skuletilbodet som kan samanliknast med gjennomsnittet i den kommunegruppa Åseral høyrar til.

Driftsutgifter for skulen har hatt ein kraftig auke dei seinare åra. Til dømes ligg kommunen langt over gjennomsnittet for kommunegruppe 6 og gjennomsnittet for Vest-Agder

Det er viktig å sikre høg kvalitet på tilbodet i barnehagen og på skulen. Kommunen er oppteken av å bruke ny kunnskap og at denne kjem brukarane til gode. Vidare er det viktig å bygge gode fagmiljø slik at ein får gode læringsmiljø i barnehage og skule.

### Tilpassa opplæring i skulen

Opplæringslova fastset at opplæringa skal tilpassast den enkelte elev sine evner og føresetnader. Den som ikkje kan få tilfredsstillande utbytte av den ordinære tilpassa opplæringa har rett til spesialundervisning. Tilpassa opplæring kan

vere knytt til organisering, pedagogiske metodar og progresjon, og er eit middel for at den enkelte skal oppleve auka læringsutbytte.

Tal elevar med spesialundervisning har variert dei seinare åra. For 2013 ligg kommunen om lag på gjennomsnittet for fylket, men under gjennomsnittet for kommunegruppe 6. Kommunen ligg høgt i høve til timar tildelt til spesialundervisning. Andre indikatorar syner at kommunen har meir spesialundervisning på lågare trinn og mindre på høgare trinn, enn dei ein samanliknar seg med. Ei slik fordeling er positivt i høve til ønskje om tidleg innsats.

Om talet på elevar med spesialundervisning ligg på nivå med fylket og lågare enn kommunegruppa, er talet likevel for høgt, og kommunen ligg høgt på kostnader knytt til denne undervisninga. Ressursbruken i skulen i Åseral krev at ein tar tak i kvaliteten på den tilpassa opplæringa. Det er viktig å sikre eit betre læringsutbytte for ein større del av elevane, innan klassen sine ordinære rammer.





## Resultat i grunnskulen

Nasjonale prøver vurderer i kva grad skulen lykkast med å utvikle elevane sin grunnleggande dugleik i lesing, rekning, IKT og i delar av faget engelsk. Grunnskulepoeng er gjennomsnittet av standpunkt- og eksamenskarakterar i 10. klasse.

Skulen i Åseral scorar dårleg på nasjonale prøver, men har betre resultat på avgangskarakterar i 10. klasse. Med grunnlag i gjennomsnitt over fleire år, ligg vi omkring plass nr. 400 på nasjonale prøver og plass nr. 200 på avgangskarakterar.

Dårlege resultat på nasjonale prøver syner trong for eit systematisk og godt arbeid knytt til grunnleggande dugleik i heile grunnskulen. Bruk av resultatata som grunnlag for betre tilpassing av opplæringa vil òg være av betydning for å auke den enkelte elev sitt læring-sutbytte og betre resultatata. Grunnleggande dugleik i lesing, rekning og IKT er ein føresetnad for forståing og læring i det enkelte fag. Ein kan difor anta at dette også vil påverke avgangskarakterane.

## Rekruttering av pedagogar i skule og barnehage

Dei siste åra har det vore vanskeleg å rekruttere pedagogar, særleg til barnehagen. Ved utlysing har kommunen måtta arbeide mykje for å få søkarar med utdanning som barnehagelærer. Etter mykje undersøking og fleire utlysingar har ein lukkast med å skaffe kvalifisert barnehagelærer til faste stillingar, men til vikariat har det ikkje vore mogeleg å skaffe kvalifisert barnehagelærer.

I dag har skulen nok pedagogar, i enkelte fag meir enn faktisk behov. Det har vore utfordrande å få pedagogar med rett kompetanse. Det har dei siste åra kome endring i krav til kompetanse hos pedagogane for å undervise i hovudfaga (norsk, matte, engelsk). Desse faga krev at pedagogen har 60 studiepoeng i faget. Eldre pedagogutdanning har berre 30 studiepoeng i desse faga.

Barnehagen må satse på å motivere pedagogar som er i kommunen til å ta tilleggsutdanning som gjer at dei kan jobbe i barnehage. I tillegg må ein motivere og oppmoda unge innbyggjarar til å velje barnehagelærerutdanning.

Skulen må motivere sine pedagogar til å ta tilleggsutdanning knytt til dei faga som ein manglar kompetanse i, t.d. språkfaga.

## Bruk av vikarar i barnehage og skule

Åseral kommune er ein IA-bedrift som inneber at ein skal legge til rette for at flest mogeleg skal kunne vere i arbeid. Det vil i periodar føre til at einingane vil trenge vikarar. I personalgruppene både i barnehage og skule vil det vere tilsette med ulike behov som kan føre til fråvær i større eller mindre storleik. Både barnehage og skule legg opp til å bruke minst mogeleg vikarar, m.a. ved å tilpasse arbeidsoppgåver slik at det er minst mogleg fråvær blant tilsette. I dei periodane ein nyttar vikar er det så langt det er mogleg kjende vikarar. Så langt det er mogleg har ein med vikarar på intern opplæring slik at barnehage-tilbod og undervisning skal få mest mogleg kontinuitet.





Tabellen til høgre syner oversikt over frávær heile 2014. Det er langtidsfrávær som er høgt i einingane. Fráværet er ikkje knytt til arbeidsmiljøet. Utviklinga syner likevel ei positiv trend gjennom året. Målsettinga er maks. 5 % sjukefrávær.

Eining	Eigenmeldt frávær	Sjukemeldt frávær 1-16 dagar	Sjukemeldt frávær over 16 dagar	Sjukefrávær i prosent
Barnehage	1,7 %	0,6 %	9,3 %	11,6 %
Skule	0,5 %	0,4 %	10,6 %	11,5 %

### Utdanningsnivå blant innbyggjarane


Tabellen til høgre viser korleis utdanningsnivået blant innbyggjarane i Åseral kommune fordeler seg. (Tal i prosent innbyggjarar)

Åseral kommune	2013	2012	2011
Grunnskulenivå	34,7	33,9	34,4
Vidaregåande skule	49,2	48,8	48,2
Universitet- og høgskulenivå, kort	14,6	15,5	15,4
Universitet- og høgskulenivå, lang	1,6	1,5	2

I figur 7 er det teke inn tal frå eige fylke og heile landet og samanlikna med Åseral kommune.

(FIGUR 7)

Ung-data undersøking som er gjennomført blant elevar på ungdomskuletrinnet hausten 2014 viser at 27 % av ungdomane trur dei vil eller har ambisjonar om høgare utdanning. På landsgjennomsnittet er dette talet 61 %. Desse tala viser at det jamt over er låg del av kommunen sine innbyggjarar som har høgare utdanning og ambisjonar om å ta høgare utdanning.



(FIGUR 7) Kjelde: SSB

Utfordringane for Åseral kommune vil vere å motivere ungdom og unge vaksne til å ta høgare utdanning slik at ein nærmar seg gjennomsnittet for fylket og landet når det gjeld universitets- og høgskuleutdanning. Dette vil også kunne vere med og sikre rekruttering til stillingar med krav om høgskuleutdanning i kommunen på fleire område enn barnehage og skule.



## 4.3 STATUS OG FRAMTIDIG TRONG INNAN OMSORGS- TENESTER

I samband med kommuneplanarbeidet har det vore trong for å gjere ei særskilt vurdering knytt til omsorgstenester. Dette med bakgrunn i ei forventa auke i trong for omsorgstenester som følgje av demografisk utvikling. I tillegg skal det vurderast framtidige behov innan omsorgstenester og høveleg bygningsmasse for å dekke behovet. Arbeidsgruppe 3 i kommuneplanarbeidet har gjort ei særskilt utgreiing av desse temaa. Utgreiinga ligg i sin heilskap som vedlegg 2 til plandokumentet (Omsorg i Åseral 2015 – 2030). Utgreiinga tar for seg følgjande hovudtema:

- Fordeling mellom institusjonsplassar og tilrettelagte bustadar
- Omfanget av heimebaserte tenester
- Samarbeid med friviljug sektor
- Nye teknologiske løysingar innan omsorgstenester
- Lokal samhandling for god effektivitet innan helse- og omsorgstenester
- Tenester for unge med nedsett funksjonsevne

Ut frå utgreiinga skal det gjevast tilråding i høve til investeringstrong på omsorgssenteret og eventuell trong for investering i ny bygningsmasse.

Ut frå utgreiinga er det gjeven følgjande oppsummering og tilråding:

### **Folkehelsesenter/frisklivssentral**

Det vil vere ein fordel å kunne samle seg om eit «folkehelsesenter»/frisklivssentral der brukarane til dømes har kort avstand frå lege til fysioterapeut. Dette vil kunne skape rom for ei meir tverrfagleg tenking i helse- og omsorgsperspektivet.

### **Avstandar - nattevakt**

Lange avstandar for nattevakt vil skapa utfordringar i forhold til den som er att på eit «omsorgsbygg/-base» i forhold til branntryggleik.

### **Velferdsteknologi**


Oppgåver som i dag tek mykje person- alressursar vil kunne erstattast med velferdsteknologi.

### **Framtidsstatistikkar og demens**

Forskning og framtidsstatistikkar seier at helseutviklinga vil endre seg i takt med demografien, og det vil vere dobbelt så mange med demens i 2040.

### **Behov for bygningsmasse**

Utrekningar syner at det i 2025-30 vil vera behov for 8 institusjonsplassar og 4 korttidsplasser for brukarar som kjem inn på avlastning/rehabiliteringsopphald/opptrening/innlegging frå sjukehus/fastlege. Vidare er det rekna at det i framtida vil bli eit behov for 20-23 tilrettelagte bueiningar.



## Eksisterande og framtidig bygningsmasse

### Eksisterande bygningsmasse

Utgreiinga stór seg på tilstandsanalyse gjort av Sweco i 2014 og med følgjande tilråding:

- Generelt god tilstand på alle bygningsdelar
- Tilrår å gjere ei heilskapleg rehabilitering av alle fasadar, vindaugo, dører og tak
- Innvendige overflater vert oppgradert og belegg vert skifta

Det må utgreiast alternativ for eksisterande bygg dersom det vert aktuelt å byggje nytt institusjons- og omsorgssenter i Åseral kommune. Moglege alternativ kan vera turisme/hotell eller seniorleilegheiter.

Som følgje av kvaliteten på eksisterande byggverk er det ikkje vurdert riving.

### Framtidig bygningsmasse

Om det vert aktuelt å etablere nytt institusjons- og omsorgssenter i Åseral bør ulike alternativ greiast ut. Særleg aktuelt synast:


- Ei mindre omfattande renovering av Åseralsheimen
- Sanere bygningsmassen på Åseralsheimen for så å sette opp nybygg på tomta
- Ei totalrenovering av eksisterande bygningsmasse
- Etablere ny bygningsmasse på ei eller fleire tomter bestående av mindre einingar og tilgang til fellesareal.
- Sal/bruk av eksisterande bygningsmasse til utvikling av alternativt formål (eks. utvikling av leilegheiter, næringsbygg, folkehøgskole, osv.). Om eksisterande bygningsmasse vert seld til ein utbyggjar vil kommunen kunne avtale å leige/kjøpe renoverte leilegheiter etter behov.

Ved ei eventuell ombygging av eksisterande bygningsmasse/nybygg bør ein sjå på moglegheitene for felles kjøkkendrift med skule og barnehage. Kommunereformarbeidet vil òg kunne opne for planlegging av tilbod på tvers av kommunegrenser.

### **Vidare arbeid**

Om politisk nivå ynskjer å renovere Åseralsheimen og/eller sette opp ny bygningsmasse, er det naturleg at det vert utarbeidd eit mandat til administrasjonen som syner kva alternativ ein vil utgreie og forventningar til framdrift. Mandatet må innehalde ein framdriftsplan for utgreiing, og der følgjande alternativ vert greia ut:

- Ei totalrenovering av eksisterande bygningsmasse som dekker framtidige behov
- Etablering av ny bygningsmasse som dekker framtidige behov





## 4.4 MÅL OG STRATEGIAR FOR EIN ATTRAKTIVT BUSTADSKOMMUNE

### 4.4.1 INKLUDERING, VARME OG GLØDANDE ENTUSIASME

#### Målsetting

Alle trivst og dugnadsiveren blømer

#### Strategiar

- Vi er gode på framsnaking
- Vi bygger våre tenester på respekt og samarbeid
- Vi skal vere fremst innan velferds-teknologi
- Vi har eldrecampus med 6 plassar innan 2019
- Frisklivsentralen har minimum 30 aktive brukarar innan 2017
- Kommunen legg vekt på førebygging gjennom tidleg innsats og opptrening
- Alle kan bidra og føler seg velkomne
- Innbyggjarar med særlege behov vil få omsorgs- og heimetenester så langt det er råd i eigen eller tilrettelagt bustad, framfor tilbod om institusjonsplass

### 4.4.2 KRAFTFULLE LINER

#### Målsetting

Åseral har god infrastruktur som dekker fellesskapet sine behov

#### Strategiar

- Offentlege vegar har asfaltdekkje innan 2024
- Gjennomfartsveg Bortelid – Bygland vert innarbeida i aktuelle planar

- Alle innbyggjarar har stabil mobil-dekning innan 2017
- Vi er spenstige på arkitektur
- Vi har eit variert butilbod som gjer det enkelt og attraktivt for alle å busetje seg i Åseral
- Kommunen har 23 moderne og fram-tidsretta bustader og 10 institusjons-plassar for innbyggjarar med særskilte behov

### 4.4.3 KUNNSKAPSMAGASINET SKAL FYLLAST

#### Målsetting

Åseral har høg trivsel, god læring og attraktive fagmiljø

#### Strategiar

- Skulen har tilbod om elevbedrift
- Alle gjennomfører minimum eit 13-årig skuleløp
- 50 % av ungdom i Åseral ønskjer å ta høgare utdanning
- Åseral skule ligg på Topp10 på kommunebarometeret innan 2024
- Åseral har svært gode fagmiljø, og det er minst 10 kvalifiserte søkjarar til stillingar som vert lyst ut

### 4.4.4 MINNE® SOM STRØYMER


#### Målsetting


Åseral skal bli lagt merke til som kultur-kommune

#### Strategiar

- Åseral har eit aktivt og variert miljø innan kultur og idrett. Innan 2025 har vi også etablert eit tilbod innan friidrett, riding og motorsport og har minimum ein deltakar i NM.

- Minne kultursenter er den naturlege møteplassen for bygdefolk og tilreisande og skal spegle kultur mang-faldet i Åseral
- I Åseral er det særigne og livskraftige festivalar og kulturarrangement
- Åsdølane er vidgjetne for sitt gode vertskap





## 5 FOLKEHELSE

Med folkehelsearbeid meinast samfunnet sin innsats for å påverka faktorar som direkte eller indirekte fremmer befolkninga si helse og trivsel. Lov om folkehelse (folkehelselova) tredje i kraft i 2011. I tråd med § 6 i folkehelselova skal kommunen i samband med kommuneplanarbeidet fastsette overordna mål og strategiar for folkehelsearbeidet i kommunen.

Arbeidet skal ta utgangspunkt i folkehelseoversynet jf. § 5 i folkehelselova. Folkehelseprofilen for Åseral 2015 ligg som vedlegg 3.

Organisering av folkehelsearbeidet i Åseral kommune har i dag ein folkehelsekoordinator i 20 % stilling. Stillinga er lagt til rådmannens stab. Vidare har kommunen

ein frisklivssentral med kommunal fysioterapeut tilsett som leiar i 30% stilling.

I tillegg er det ei folkehelsegruppe sett saman som følgjer:  
Ordførar, folkehelsekoordinator, rektor på Åseral barne- og ungdomsskule, leiande helsesøster samt kommunalsjef for drift og utvikling.

## 5.1 OVERORDNA MÅLSETTINGAR OG STRATEGIAR FOR FOLKEHELSEARBEIDET

Kommunen ynskjer at det skal vere enkelt å gjere gode og sunne val, men òg gjere sunne val enkle. Gjennom arbeidet med folkehelseoversynet har det utpeika seg nokre område der me har ein jobb å gjere og som er naturleg å ta med i kommuneplanarbeidet.

- Åseral har større del uføre i gruppa 18-44 år (4,2 %) enn fylket (3,7 %) og landet (2,5 %)
- Åseral har per i dag ikkje bustadar til unge med nedsett funksjonsevne
- I Åseral er det høgare førekomst av muskel- og skjelettplager hjå vaksne (281 tilfelle per 1000 personar) i høve til landsgjennomsnittet (258 per 1000 personar)
- I Ungdata-undersøkinga som blir gjennomført i ungdomsskulen svarar nokre få at dei har depressivt stemningsleie, sjølvmodrtankar/-forsøk og/eller sjølvskading. Talet er under landsgjennomsnittet, men kvart tilfelle er alvorleg.
- Folkehelseprofilen for 2015 syner at Åseral ligg dårlegare ann enn landet som heilskap når det gjeld nye tilfelle av lungekreft i perioden 2003 – 2012 (140 tilfelle mot 55 tilfelle pr. 100 000 innbyggjar)

Ut frå desse særlege utfordringane er det utarbeidd overordna mål for folkehelsearbeidet:

**Åseral har eit helsefremjande arbeidsliv**  
Verksemder og organisasjonar skal arbeide førebyggjande med tiltak som tek sikte på å betre livskvaliteten til arbeidstakarane sine. Ein skal stimulere til trivsel og moglegheit til å meistre dei utfordringane og belastningane ein blir utsett for. Risikofaktorar for sjukdom, både fysisk og psykisk, skal reduserast mest mogleg.

### Strategiar

- Arbeidsgjevarar skal leggje vekt på kommunikasjon som verktøy for å skape gode arbeidsmiljø
- Dei fysiske arbeidstilhøva skal vere tilrettelagte for den einskilde, og gje moglegheit for variasjon i løpet av arbeidsdagen
- Åseral kommune vil stimulere dei tilsette til fysisk aktivitet

### Integrere unge uføre i lokalsamfunnet (arbeid, fritid og bustad)

Kommunen ynskjer at alle skal ha moglegheit til eit meningsfylt arbeid som er tilrettelagt i høve til situasjonen til kvar einskild. Intensjonen er at alle verksemder i Åseral har arbeidstakarar som ikkje fell inn i det som blir definert som ordinært arbeidsliv. Åseral kommune eig ei verksemd som kan legge til rette i variert grad i eigen bedrift, bistå med hospitering eller anna arbeidstrening med tett oppfølging av kvalifisert personale. På den måten kan ulike arbeidssituasjonar prøvast ut, og ein kan motivere til utdanning eller ordinært arbeidsliv.

Å meistre og bu i eigen bustad og å ta dei utfordringane som livet har å by på er ei trening i eigen livssituasjon. Som ung ufør er det ikkje lett å skaffe eigen bustad i Åseral som er tilrettelagt for

individuelle behov. Eit breitt tilbod av fritidsaktivitetar er viktig for at alle skal kunne bygge eit nettverk utanom skule eller arbeid. Då er det viktig at bygningar er universelt utforma slik at alle kan delta i dei tilboda som finst.

### Strategiar

- Åseral kommune skal i tett samarbeid med NAV kunne gi unge uføre tilbod om arbeidstrening og stimulere andre verksemder til å opprette slike tilbod
- Åseral kommune tilbyr bustadar der unge uføre kan bu åleine
- Alle nye offentlege bygg skal vera universelt utforma. Det skal takast omsyn til slik utforming tidleg i planlegginga.
- Frivilligsentralen er ein ressurs i prosessen med å skape gode fritidstilbod for unge uføre

### I Åseral har me eit godt læringsmiljø

God helse og trivsel skaper gode tilhøve for læring. Når ein trivst og opplever meistring på skule eller arbeid, er det lettare å konsentrere seg om oppgåver og nye utfordringar. Skulens verdiar: Humor, respekt, glede og tryggleik er viktige i så måte. «Den må tidleg krøkjast som god krok skal bli» er eit ordtak som understrekar at det er viktig å byrje tidleg. Barnehage og skule er viktige arenaer.

### Strategiar

- Åseral kommune skal ha eit barnehage-tilbod og ein skule som er helsefremjande
- Åseral kommune vil leggje til rette for at elevar og tilsette ved skulen kan vera fysisk aktive i løpet av skuledagen

## I nærmiljøet har alle tilgang til rekreasjon i friluft

Naturopplevingar og aktivitet i friluft gjer godt! Det blir understreka i fleire stortingsmeldingar, og ikkje minst har det ein positiv effekt på folkehelsa.

Undersøkingar syner at ein stor del av dei som er inaktive kan tenke seg å vere aktive i friluft for å bli meir aktive. Den enklaste måten å motivere folk til meir aktivitet er å leggje til rette for noko ein faktisk kan tenkje seg å gjera. Om ein i tillegg legg til rette for friluftsliv og aktiv bruk av naturen i nærleiken av der mange bur og oppheld seg, kan ein nå mange som i dag av ulike grunnar ikkje er aktive ute. Innbygarane må gjerast i stand til å ha god eigenmeistring og ivareta si eiga helse.

### Strategiar

- Åseral kommune skal arbeide for å legge til rette for sentrumsnære turveggar, stiar og anlegg
- I planprosessar er omsynet til plassering av gjennomgåande turveggar/grøntkorridorar/nærmiljøanlegg særskild viktig
- Kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet (anleggsplanen) blir brukt som eit viktig verktøy i arealplanlegging og utvikling

## Utjamning av sosial ulikskap innan helse

Tidleg innsats og samarbeid på tvers av sektorar er vesentlig for å førebygge store skilnader.

Fokus bør må ligge på førebygging av at ungdom droppar ut av vidaregåande skule. Tal frå Vest-Agder fylkeskommune syner følgjande gjennomføringsgrad i perioden 2012 – 2014. For Åseral kan små kull gi store variasjonar frå år til år:

	2012	2013	2014
Åseral	100%	56%	71%
Vest-Agder	71,4 %	73,4%	74,1

### Strategiar

- Faget utdanningsval på ungdomstrinnet er lagt til kontaktlærar. Karriereplan er sentralt tema i kontaktlærar sine utviklingssamtalar med elevane.
- Utvida hospiteringsordning i vidaregåande skule og arbeidspraksis
- Praktisk valfag og arbeidslivserfaring som alternativ til 2. framandspråk
- Lindesneslosen – oppfølging av elevar som fell ut av vidaregåande skule. Frå 2015 omfattar ordninga også ungdomskuleelevar.

## Reduksjon i tilfelle av lungekreft

Lungekreft er ein av få kreftformar der hovudårsaka langt på veg er kjent, og der røyking er årsak til dei aller fleste tilfella. Andre risikofaktorar er eksponering for radon og asbest, eksponering for nikkel og krom, ureining i lufta samt passiv røyking.

### Strategiar

- Arbeide for at barn og unge held seg røykfrie heile livet. Om dette ikkje går er verdien stor av å utsette røykedebuten
- Arbeide for røykeslutt blant innbyggjarane
- Hindre at folk vert utsett for passiv røyking
- Tilsyn med areal som skal vera røykfrie
- Kontroll av eksisterande bygg, samt iverksetting av tiltak, i høve til andre risikofaktorar, bla. radon
- Legge til rette for måling av radon i private bustader samt rådgeve om aktuelle tiltak
- Krav om tiltak på bygg i samband med byggesakshandsaming
- Kontakt mot entreprenørar og andre aktørar i bygg- og anleggsbransjen for å oppmode til bruk av verneutstyr





# 6 LIKESTILLING


## 6.1 STATUS

Med likestilling meiner ein likestilling på områda kjønn, etnisitet, funksjonsevne, alder, seksuell orientering/kjønnsuttrykk/kjønnsidentitet, religion/livssyn og sosial bakgrunn. I og med at likestillingsomgrepet bortimot er altomfattande, er det viktig å prioritere kva område ein vil arbeide med. Agder har lenge hatt spesielle utfordringar med likestilling mellom kvinner og menn. Åseral kjem òg negativt ut på statistikk om kjønnslikestilling. Difor vil me prioritere å arbeide med dette i denne perioden.

LIM-planen (likestilling, inkludering og mangfald) sitt handlingsprogram 2015-2019 har m.a. eit tema som heiter «Eit arbeidsliv for alle». Her er det mål om at ingen skal måtte velje deltidsarbeid, og at offentleg sektor normalt skal lyse ut alle ledige jobbar som heiltidsstillingar. Vidare skal det gje status å gjere kjønns-overskridande yrkesval.

Kvar dag gjev vi alle uttrykk for ulike haldningar. Me må vera medvitne korleis me ordlegg oss og kva me formidlar. Som vaksne er det viktig at me med ord, handling og haldningar syner born og unge at utradisjonelle val er bra og tøft.


Dei sosiale tilhøva me lever under utgjør grunnmuren for helsa. Grunnlaget for sosiale helseforskjellar blir lagt tidleg. Det er difor naudsynt med tidleg innsats for å førebygge utvikling av sosiale helseforskjellar. Gode og trygge oppvekstvilkår for alle, rettferdig fordeling av inntekt og like mogelegheiter til utdanning og arbeid er for samfunnet den mest grunnleggjande investeringa for å redusere sosiale helse-skilnadar. Det syner at likestilling får positive ringverknadar for samfunnet. Det er viktig at me har samfunnsstrukturar som ikkje hindrar likestilling. Døme kan vere at sjølv om småtrinnet har skulefri på onsdagar, er det tilbod om skulefritidsordning.




(FIGUR 8) Kjelde: SSB Prosentandel sysselsatte menn (20-66 år) som arbeider deltid.



(FIGUR 9) Kjelde: SSB Prosentandel sysselsatte kvinner (20-66 år) som arbeider deltid.



(FIGUR 10) Kjelde: SSB Gjennomsnittleg bruttoinntekt for menn.



(FIGUR 11) Kjelde: SSB Gjennomsnittleg bruttoinntekt for kvinner.

Ved likestilling mellom kjønn er det ofte kvinner som kjem dårleg ut, t.d. ved at dei tener mindre enn menn og har meir deltidsarbeid. Statistikk (for 2013) syner at i Åseral har 58,4 % av yrkesaktive kvinner deltidsarbeid, mot 44,5 % i Vest-Agder, medan landsgjennomsnittet ligg på 34,7 %. Tilsvarende tal for menn er 15,4 % i Åseral, 14,6 % i Vest-Agder og 13,9 % for landet sett under eitt. Både kvinner og menn i Åseral tener mindre enn gjennomsnittet for fylket. Lyspunktet i dette er at lønsskilnaden mellom kvinner og menn er mindre i Åseral enn i Vest-Agder. I Åseral tener kvinner 65,8 % av menns løn, medan tilsvarende tal for fylket er 61,7.

Politisk deltaking av både kvinner og menn er viktig. Ved at alle grupper i befolkninga blir representert i politiske utval vil ein oppnå betre kompetanse. Ulike delar av befolkninga innehar ulik kompetanse. Kvinner og menn har ulike erfaringar og perspektiv som bør representerast i lokaldemokratiet, folk som er oppvaksen i Noreg har ein annan kompetanse enn dei som har vakse opp i eit anna land.



## 6.2 LIKESTILLING - MÅL OG STRATEGIAR

### Mål

Ingen skal arbeide ufriviljug deltid

### Strategiar

- Jobbar i offentlig sektor skal normalt lysast ut som heiltidsstillingar
- Offentlege tilbod som sikrar at foreldre kan velje heiltidsstillingar

### Mål

Det skal vere naturleg for begge kjønn å velje alle typar yrke

### Strategiar:


- Ungdommane må oppleve at dei kan gjere frie yrkesval
- Rådgjevar på ungdomsskule/vidaregåande skule må vera spesielt medviten ved presentasjon av ulike yrkesretningar
- Eksemplets makt er stor. Alle må vera medvitne m.o.t. kva haldningar ein formidlar i høve til kjønnsroller.

### Mål:

Politisk deltaking mellom kjønn skal min. vere ei 40/60-fordeling.

### Strategiar:

- Dei politiske partia må ha ei medvite haldning til at begge kjønn skal vere representert i alle posisjonar
- Arbeide for auka politisk engasjement







# 7 ENERGI OG KLIMA

## 7.1. STATUS

Kommuneplanen erstattar energi- og klimaplanen frå 2009.

Dei nasjonale måla for utslepp av klimagassar er ein reduksjon på 30 % innan 2020 og med 1991-nivå som utgangspunkt. 75 % av reduksjonen skal gjerast nasjonalt. Vidare er det ei målsetting på nasjonalt nivå at Noreg skal vera karbonnøytralt i 2040. Mykje av utsleppet av klimagassar i Åseral er knytt til bilbruk til og frå reiselivsområda. Kommunen ønskjer å vidareutvikle desse områda. Noko monaleg

reduksjon i klimagassutslepp frå bilbruk dei komande åra er difor lite realistisk.

Åseral har i dag ein fornybar kraftproduksjon på om lag 1,1 TWh/år. Tilsvarande energiproduksjon i eit normalt europeisk kraftproduksjonssystem ville gitt eit CO<sub>2</sub>-utslepp på 394 000 tonn/år. Dette må teljast med når ein skal gjere opp klimarekneskapen lokalt. Det er planar for vidare utbygging av større vasskraftanlegg i kommunen i regi av Agder Energi. Dette vil gi ein auka produksjon på om lag 200 GWh/år. I tillegg er det eit monaleg potensiale for småkraftanlegg.

Låge straumprisar synast likevel å ha gitt ei viss tørke i småkraftutbygginga. For å få ut ny kraftproduksjon, er det avgjerande med ei forsterking av linettet i kommunen inkludert betre overføringskapasitet til regionalnettet.

Kommunen har i fleire år hatt ei eiga energigruppe. Denne har i første rekke arbeidd med konkrete tiltak knytt til straumsparing og energieffektivisering. Arbeidet har gjeve gode resultat med ein reduksjon i straumforbruket i kommunale bygg med 25 % frå 2011 til 2013.

### 7.1.1 UTSLEPP AV KLIMAGASSAR

#### Målsetting

Stabilisere klimagassutsleppa slik at årleg utslepp maksimalt er 12 000 tonn CO<sub>2</sub> per år. I dette ligg det ei stabilisering av utslepp på dagens nivå.

#### Strategiar

- Teknologisk utvikling i transportmiddel og bruk av fornybart drivstoff
- Bruk av olje til oppvarming vert fasa ut
- Etablere ladestasjonar for el-bilar i Kyrkjebygd, Bortelid, Eikerapen og Ljosland innan 2016

### 7.1.2 PRODUKSJON AV FORNYBAR ENERGI

#### Målsetting

Auka fornybar energiproduksjon.

#### Strategiar

- Kommunen ønskjer å legge til rette for auka fornybar energiproduksjon i kommunen der desse ikkje verkar negativt inn på viktige miljøinteresser, friluftsliv og reiseliv. Ved vurdering av einskilde prosjekt skal det leggest vekt på lokal verdiskaping og tal arbeidsplassar som følgje av ei utbygging.
- Realisering av ulike prosjekt innan 2020 slik at dei kan nyte godt av ordninga med elsertifikat
- Kommunen kan gje råd og rettleiing i samband med søknadar om småkraftutbygging. Vidare har kommunen ei positiv haldning til realisering av småkraftprosjekt.

### 7.1.3 ENERGIFORBRUK

#### Målsetting

Reduksjon i straumforbruket i kommunale bygg med 20 % frå 2013-nivå.

#### Strategiar

- Vidareføring av kommunal energigruppe (Klima- og energigruppe) med ansvar for koordinering av arbeid innan klima- og energispørsmål. Det skal utarbeidast eit eige mandat for gruppa. Hovudoppgåvene skal vera knytt til :
- Vidareføring av kommunen sitt energioppfølgingssystem (EOS)
- Vidareføre lønnsame ENØK-tiltak i kommunale bygg
- Føring av energirekneskap
- Drive haldningsskapande arbeid
- Uttalerett i samband med nybygg/ ombygging og innkjøp
- Energisertifisering
- Auka kompetanse innan klima, ENØK og fornybar energi

### 7.1.4 UTSLEPP FRÅ TRANSPORTSEKTOREN

#### Målsetting

Betre gang- og sykkelveggar i sentrumsområdet slik at fleire sykklar til arbeid, skule, butikk og fritidssyslar.

#### Strategiar

- Utbygging av g/s veg på strekninga Austrud – Åseral barne- og ungdomsskule – idrettsparken
- Utbygging av g/s veg på strekninga Grokleiv – Kvesmonen

### 7.1.5 PRODUKSJON AV BIOBRENSSEL

#### Målsetting

Auka fornybar varmeproduksjon ved bruk av biobrensel.

#### Strategiar

- Stimulere landbruksnæringa til satsing på biobrensel
- Legge til rette for bruk av biobrensel i landbruket ved sal av brensel frå regionalt flisproduksjonsanlegg
- Legge til rette for sal av varme gjennom etablering av totalanlegg for varmeleveranse i regi av landbruket

### 7.1.6 RENOVASJON

#### Målsetting

Kommunen skal ha ei renovasjonsordning som er hensiktsmessig i høve til effektivitet, kostnader og miljø.

#### Strategiar

- Rutinar kring eksisterande ordning skal vurderast i høve til målsettinga





# 8 SAMFUNNSTRYGGLIK OG BEREDSKAP

## 8.1 FØRINGAR I LOVVERKET

Sivilbeskyttelsesloven og forskrift om kommunal beredskapsplikt set krav til at kommune skal jobbe heilskapleg, systematisk og samordna med samfunnstryggleik og beredskap. I nemnde forskrift er det stilla krav om at kommunen på bakgrunn av den heilskaplege risiko- og sårbarhetsanalysen (ROS-analysen) skal utarbeide langsiktige mål, strategiar, prioriteringar og plan for oppfølging av samfunnstryggleik- og beredskapsarbeidet.

Sivilbeskyttelsesloven § 14 slår fast at den heilskaplege ROS-analysen til kommunen skal oppdaterast i takt med revisjon av kommuneplanar. Dette for at ROS-analysen skal fungere som premissgjevar for kommuneplanen.

## 8.2 RISIKO- OG SÅR- BARHETSANALYSE (ROS-ANALYSE) FOR ÅSERAL

Full revisjon av den heilskaplege ROS-analysen for Åseral vart gjennomført i mai 2013. ROS-analysen beskriv tilstander, trugsmål og konsekvensar av ei rekke hendingar. Den inneheld òg forslag til førebyggjande og avbøtande tiltak. ROS-analysen er lagt til grunn for beredskapsplanen i kommunen. Den heilskaplege ROS-analysen vert revidert i løpet av 2015.

Som nemnd er det gjennom forskrift stilt krav om utarbeiding av langsiktige mål, strategiar, prioriteringar og plan for oppfølging av arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap. Dette vil bli utarbeidd i samband med nemnde revidering av ROS-analysen i 2015 og i sin heilskap teken inn ved neste revidering av kommuneplanen.

## 8.3 KLIMATILPASNING

Arbeid med klimatilpassning handlar i praksis om å vere budd på auka hyppigheit av ekstreme vértilhøve. I arbeidet med klimatilpassning må fokus vera på:

- Førebyggjande tiltak for å hindre at problem oppstår
- Avbøtande tiltak for å redusere verknaden av klimarelaterte hendingar

Grunnlaget for arbeidet med klimatilpassning er særleg å finne i plan- og bygningsloven og sivilbeskyttelsesloven. Andre viktige overordna føringar er gjeven i Stortingsmelding nr. 33 Klimatilpassning i Norge og i dei Nasjonale forventningane til regional og kommunal planlegging.



### 8.3.1 OVERORDNA MÅLSETNING FOR ARBEIDET MED KLIMATILPASNING

#### Målsetning

Åseral skal ha eit robust samfunn som tar høgde for framtidige klimautfordringar og som er godt førebudd på uventa hendingar. Klimatilpasning skal vera eit tema i all kommunal planlegging.

### 8.3.2 HENDINGAR KNYTT TIL KLIMAENDRINGAR

Med utgangspunkt i den heilskaplege ROS-analysen for Åseral er følgjande hendingar peika ut:

#### Sterk vind

- Fare for skade på bygningar
- Fare for skade på linenett for straum og telekommunikasjon
- Vindfall av skog med fare for stenging av vegnett

#### Store nedbørsmengder

- Fare for flaum og med fleire og større lokale intense nedbørsperiodar til alle årstider
- Avlingsskade
- Snø- og jordskred
- Fare for skade på vegnett og stenging av desse
- Snørelatert skade på linenett for straum og telekommunikasjon

#### Snøras

- Fare for skade på folk, bygg og infrastruktur

### 8.3.3 LOKALE KONSEKVENSAR AV KLIMAENDRINGAR – STRATEGI FOR OPPFØLGING

Gjennom dei siste 10 åra har det blitt eit stadig aukande medvit med å trekke arbeidet med risiko og sårbarheit inn i arealplanlegging og byggesakshandsaming. Dette vert stadig viktigare som følgje av trong for tilpasning til klimaendringar. I det følgjande er det gjort ei kartlegging av kva tilhøve som er av særleg viktighet:

#### Kartlegging av fareområde i arealplanlegginga


I hovuddalføra er det utarbeidd aktsomhetskart for flaum og skredutsette område. Desse legg føringar ved vidare areal- og byggesakshandsaming.

#### Kartlegging på reguleringsplannivå

Så sant det er tilhøve som tilseier det (stigning/bratthet, nærleik til vassdrag, historiske data mv.) vert det stilt krav om utgreiing av reell fare for ras og flaum. Avbøtande tiltak ev. byggeforbod vert fastsett på bakgrunn av utgreiinga.

#### Overflatevatn og avrenning

Med fleire og meir intense periodar med nedbør i form av regn vert det stadig viktigare med håndtering av overflatevatn i bebygde område. Problemet vert gjerne forsterka ved at det i utbygde område er liten fordrøyningsevne igjen i terrenget og det vert ei raskare avrenning. På reguleringsplannivå vert det stilt krav om at handtering av overflatevatn skal inngå i dei tekniske planane.



Med auka nedbørmengde kan ein forvente større belastning på avløpsnett, der meir vatn gjeng i avløpssystemet og går vidare gjennom reinseanlegga.

### **Kommunale bygg**

Med meir vind og nedbør kan dette gi større belastning på materiale og konstruksjonar. Dette stiller store krav til tekniske løysingar tilpassa lokale klimatilhøve. Ved etterslep på vedlikehald vert problema forsterka.

### **Kommunale vegar**

Med auka nedbør og fleire flaumsituasjonar vil dette føre til større belastning på vegnettet med fare for utvasking av grunn og toppdekke. Dette vert forsterka der det er etterslep på vedlikehald.

### **Ekstreme snømengder**

Eit særleg problem på eldre fritidsbustader som ikkje er dimensjonert på same vis som nye bygningar. I høgareliggjande område for fritidsbustader ser ein også at snøen gjerne legg seg ujamnt på takkonstruksjonen, noko som òg kan skape problem på nyare bygg.

Etter trong vert det sendt ut varsel og informasjon til hus- og hytteigarar om trong for måking av tak.

### **Ferdsel i heiområda**

Gjennom vinterhalvåret er det ein monaleg ferdsel i heieområda, ikkje minst ut frå områda Bortelid, Ljosland og Eikerapen. Det synast å vera ein tendens med dårlegare istilhøve på vatn og vassdrag. Ulempa vert forsterka med at ei rekke av vatna og vassdraga er regulert for kraftutbygging. Som følgje av dette vert det ikkje preparert skiløyper over vatn, men det er trong for ein særleg medviten haldning til dette ved ferdsel utanfor løypenettet.

### **Strategiar for vidare oppfølging**


- Gjennom vidare kartlegging og analyse må det utarbeidast tiltaksplanar med førebyggjande og avbøtande tiltak for å redusere konsekvensane av klimaendringar. Arbeidet vert gjennomført som ein del av arbeidet med langsiktige mål, strategiar, prioriteringar og plan for oppfølging av arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap, jf. forskrift nemnd i kap. 8.2.
- I all arealplanlegging og byggesakshandsaming må det leggjast vekt på omsyn til klimaendringar, inkludert omsyn til lokale tilhøve på staden



# 9 FRÅ ORD TIL HANDLING – IVERKSETTING AV KOMMUNEPLANEN


Kommuneplanens samfunnsdel inneheld mål og strategiar for framtidig utvikling. For gjennomføring av planen må det utarbeidast ein handlingsdel for 1 - 4 år. I denne skal konkrete tiltak kome fram inkludert finansiering og ansvar for gjennomføring. I praksis vil gjennomføring ofte skje i samarbeid mellom kommune, privat næringsliv, frivillige organisasjonar mv.

Figuren under syner eit enkelt årshjul for den kommunale planlegginga. Som det går fram av figuren vil økonomiplan og budsjett frå 2016 inngå i Kommuneplanens handlingsdel med økonomiplan og budsjett. På denne måten ønskjer ein å få til ei tettare kopling mellom plan og økonomi, noko som er vesentleg for iverksetting av planar.



(FIGUR 12)





## FOTO:

Alle bileta i dette dokumentet er frå instagram, tagga med **#vakreåseral**


Fotografar:

@hildeabusland  
@ak\_stensland  
@aseral\_kommune  
@aashildmaasland  
@leifrevje  
@mariannfah  
@gunvorljotland

@derute2  
@randi71  
@siwatraylinjord  
@blitleskaret  
@troysla  
@anunds  
@liveikild  
@tinaaaslandknutsen  
@camillaabelseth  
@reiersdal2  
@jelvenes  
@sbruseland  
@evaasland

@hildegundersen  
@trondegil69  
@orgonsolo  
@reidar\_skuland  
@forgard  
@htabelz  
@kariafosse  
@lilliantho  
@koaustrud  
@sisselhenny  
@randilie10  
@ajaarvik  
@kariskul





# VEDLEGG

<b>Vedlegg 1</b> .....	<b>36</b>
Skule og barnehage - status og utfordringar	
<b>Vedlegg 2</b> .....	<b>42</b>
Omsorg i Åseral 2015-2030	
<b>Vedlegg 3</b> .....	<b>48</b>
Folkehelseprofil for Åseral 2015	

# VEDLEGG 1

## Skule og barnehage – status og utfordringar

### KOSTRA-MÅLINGAR

#### Status:

Under syner ein til oversikt over kostnader knytt til einingane barnehage og skule samanlikna med nabokommunar, kommunegruppe 6 som vi tilhøyrer og fylket. For barnehagen syner tala at det er ein nedgang i kostnader, men skulen viser ein auke i sine kostnader.

#### Barnehage:

Netto driftsutgifter per innbyggjar 1-5 år i kroner, barnehagar

	2013	2012	2011	2010	2009
Åseral	122 151	135 857	133 625	73 412	
Marnadal	120 579	117 484	91 353	22 358	
Audnedal	99 268	96 821	117 505	25 560	
Gj.snitt kommunegruppe 6	125 063	125 915	114 510	30 229	
Gj.snitt Vest-Agder	110 713	107 370	99 312	14 830	

Som tabellen syner ligg Åseral kommune litt over gjennomsnittet i Vest-Agder, men under gjennomsnittet i kommunegruppe 6 når det gjeld netto driftsutgifter i barnehage. Dette viser at justeringar vi har gjort i samband med gruppestorleik og fordeling av bemanning siste året har gitt resultat. Det vil likevel vere periodar vi ikkje klarar å utnytte ressursen fullt ut etter kva pedagogtettleiken krev, grunna svingingar i barnegruppene. Vedtektene i Åseral barnehage tillèt at foreldre kan endre barnehageplassen med ein månads varsel. Det betyr at ein ikkje alltid kan erstatte barn som sluttar i barnehagen på kort varsel.

Kommunen har sikra at retningslinene jamfør pedagognorm er oppfylt når det er meir enn 9 eller 18 barn i gruppene. Grunnbemanninga med pedagogar og fagarbeidarar fylgjer elles tilrådd norm med 1 vaksen per 3 barn frå 0-3 år og 1 vaksen per 6 barn frå 3-5 år.

#### Skule:

Netto driftsutgifter til grunnskule- sektoren per innbyggjar 6-15 år

	2013	2012	2011	2010	2009
Åseral	173 243	170 687	164 874	140 467	117 593
Marnadal	130 090	126 538	119 311	120 627	113 333
Audnedal	114 531	105 265	112 340	94 743	91 492
Gj.snitt kommunegruppe 6	150 702	147 226	137 414	130 458	121 869
Gj.snitt Vest-Agder	98 411	96 478	93 118	88 394	85 108

Tabellen syner utviklinga av kostnadsnivået i kommunen samanlikna med nabokommunar, den kommunegruppa Åseral tilhøyrer og Vest-Agder fylke. Denne fortel oss at kostnader til skulen har auka kraftig dei seinare åra.

#### Utfordringar:

Barnehagen må halde fram med å sikre pedagognorm ut frå storleik på barnegrupper. I tillegg blir det viktig å halde ei fornuftig kostnadsramme på barnehagetilbodet slik at vi ligg nær gjennomsnittet til den kommunegruppa vi høyrer til.

Skulen må arbeide mot å få ei kostnadsramme på skuletilbodet som kan samanliknast med gjennomsnittet i den kommunegruppa Åseral høyrer til.

For begge einingane er det også viktig at vi sikrar høg kvalitet på tilbodet til barn og unge i barnehage og skule. Vi er oppteken av å bruke ny kunnskap som skal kome brukarane til gode og bygge gode fagmiljø slik at ein får gode læringsmiljø i barnehage og skule.



## TILPASSA OPPLÆRING

Opplæringslova fastset at opplæringa skal tilpassast den enkelte elev sine evner og føresetnadar. Den som ikkje kan få tilfredsstillande utbytte av den ordinære, tilpassa opplæringa har rett til spesialundervisning.

Tilpassa opplæring kan være knytt til organisering, pedagogiske metodar og progresjon og er eit middel for at den enkelte skal oppleve auka læringsutbytte.

### Status:

Andel elever i grunnskulen som får spesialundervisning:

	2013	2012	2011	2010	2009
Åseral	8,7	10,5	7,6	5,6	7,4
Marnardal	9,1	8,2	7,6	5,1	5,6
Audnedal	8,6	7,2	10,2	8,7	9,7
Gj.snitt kommunegruppe 6	10,7	11,6	12,4	12,1	12,2
Gj.snitt Vest-Agder	8	8,5	8,6	8,2	7,8

Andel timar spesialundervisning av tal lærartimar totalt:

	2013	2012	2011	2010	2009
Åseral	24,7	23,6	18	17	23,4
Marnardal	15,5	9,1	13,7	12,5	9,4
Audnedal	17,4	15,6	18,3	15,4	17,2
Gj.snitt kommunegruppe 6	18,9	18,8	19,7	19,2	18
Gj.snitt Vest-Agder	16,9	17,7	18,9	16,8	15,6

Tabellen syner at nivået på spesialundervisning varierer gjennom dei seinare åra. For 2013 ligg Åseral om lag på snittet i fylket, men under snittet i kommunegruppa når det gjeld andel elevar med spesialundervisning. Tal for Åseral per 1. oktober 2014 er auka til 10,1 %. Tal frå andre kommunar er ikkje tilgjengelege, så vi kan difor ikkje samanlikne oss med andre for 2014. Vidare ser vi at Åseral ligg høgt i høve til tildeling av timar til spesialundervisning. Andre indikatorar syner at Åseral har meir spesialundervisning på lågare trinn og mindre på høgare trinn enn dei vi samanliknar oss med, noko som er positivt med tanke på tidleg innsats.

### Utfordringar:

Om talet på elevar med spesialundervisning ligg på nivå med fylket og lågare enn kommunegruppa, er talet likevel for høgt, og vi ligg høgt på kostnader knytt til denne undervisninga. Ressursbruken i skulen i Åseral krev at vi tar tak i kvaliteten på den tilpassa opplæringa. Vi må sikre eit betre læringsutbytte, for ein større del av elevane, innan klassen sine ordinære rammer.

## RESULTAT

Nasjonale prøver vurderer i kva grad skulen lykkast med å utvikle elevane sin grunnleggande dugleik i lesing, rekning, IKT og i delar av faget engelsk. Grunnskulepoeng er gjennomsnitt av standpunktkarakterar og eksamenskarakterar i 10. klasse.

Karakter og plassering	Karakter år for år					Plassering					Trend
	KB 2010	KB 2011	KB 2012	KB 2013	KB 2014	2010	2011	2012	2013	2014	
<b>GRUNNSKOLE</b>											
<b>AVGANGSKARAKTER:</b> Gjennomsnittlige grunnskolepoeng siste fire år (10 % vekt innen sektoren)		4,3	3,5	3,3	3,4		85	167	178	201	↓
<b>AVGANGSKARAKTER:</b> Gjennomsnittlige grunnskolepoeng siste år (5 %)	6,0	1,4	3,3	3,1	6,0	16	391	197	247	19	↑
<b>NASJONALE PRØVER:</b> Gjennomsnitt 5. trinn siste fire år (10 %)					1,0					403	
<b>NASJONALE PRØVER:</b> Gjennomsnitt 8. trinn siste fire år (10 %)			1,5	1,0	1,0		377	376	383		↓
<b>NASJONALE PRØVER:</b> Gjennomsnitt 9. trinn siste fire år (10 %)					1,0					410	
<b>NASJONALE PRØVER:</b> Gjennomsnitt andel elever på laveste mestringsnivå, alle trinn siste tre år (5)											

#### Status:

Skulen i Åseral scorar dårleg på nasjonale prøver, men har betre resultat på avgangskaraktarar i 10. klasse. Med grunnlag i gjennomsnitt over fleire år ligg vi omkring plass nr. 400 på nasjonale prøver og plass nr. 200 på avgangskaraktarar.

#### Utfordringar:

Dårlege resultat på nasjonale prøver syner behov for eit systematisk og godt arbeid knytt til grunnleggande dugleik i heile grunnskulen. Bruk av resultatane som grunnlag for betre tilpassing av opplæringa vil òg vere av betydning for å auke den enkelte elev sitt læringsutbytte og betre resultatane. Grunnleggande dugleik i lesing, rekning og IKT er ein føresetnad for forståing og læring i det einskilde faget. Ein kan difor anta at dette også vil påverke avgangskaraktarane.

## UTDANNINGSNIVÅ OG AMBISJONAR BLANT INNBYGGJARANE I ÅSERAL KOMMUNE


#### Status:

Tabellen til høgre viser korleis utdanningsnivået blant innbyggjarane i Åseral kommune fordelar seg dei siste 3 åra (tala er henta frå SSB).

Åseral kommune	2013	2012	2011
Grunnskulenivå	34,7	33,9	34,4
Vidaregåande skule	49,2	48,8	48,2
Universitet- og høgskulenivå, kort	14,6	15,5	15,4
Universitet- og høgskulenivå, lang	1,6	1,5	2

I diagrammet på neste side er det teke inn tal frå eige fylke og heile landet og samanlikna med Åseral kommune. Ung-data undersøking som er gjennomført blant elevar på ungdomskuletrinnet hausten 2014 viser at det er 27 % av ungdomane som trur dei vil eller har ambisjonar om høgare utdanning. På landsgjennomsnittet er dette talet 61 %.

Desse tala viser at det jamt over er låg andel av kommunen sine innbyggjarar som har høgare utdanning og ambisjonar om å ta høgare utdanning.



Kjelde: SSB

### Utfordringar:

Utfordringane for Åseral kommune vil vere å motivere ungdom og unge vaksne til å ta høgare utdanning slik at ein nærmar seg gjennomsnittet for fylket og landet når det gjeld universitets- og høgskule utdanning. Dette vil også kunne vere med å sikre rekruttering til stillingar med krav om høgskuleutdanning i kommunen på fleire område enn barnehage og skule.

## VANSKELEG Å REKRUTTERE PEDAGOGAR I SKULE OG BARNEHAGE

### Status:

Dei siste åra har det vore vanskeleg å rekruttere pedagogar, spesielt til barnehage. Ved utlysingar har vi måtta arbeide mykje for å få søkarar med utdanning som barnehagelærar.

Etter mykje undersøking og fleire utlysingar har ein lukkast med å skaffe kvalifisert barnehagelærar til faste stillingar, men vikariat har det ikkje vore mogeleg å skaffe kvalifisert barnehagelærar til.

I dag har skulen nok pedagogar, i enkelte fag meir enn faktisk behov. Det har vore utfordrande å få pedagogar med rett kompetanse. Det har dei siste åra kome endring i krav til kompetanse hos pedagogane for å undervise i hovudfaga

(norsk, matte, engelsk) i ungdomsskule. Desse faga krev at pedagogen har 60 studiepoeng i faget. Eldre pedagogutdanning har berre 30 studiepoeng i desse faga.

### Utfordringar:

Barnehagen må satse på å motivere pedagogar som er i kommunen allereie, til å ta tilleggsutdanning som gjer at dei kan jobbe i barnehage. I tillegg må ein motivere og oppmøda unge innbyggjarar til å velje barnehagelærarutdanning.

Skulen må motivere sine pedagogar til å ta tilleggsutdanning knytt til dei faga som ein manglar kompetanse i, til dømes språkfaga.

## BRUK AV VIKARAR I BARNEHAGE OG SKULE

### Status:

Åseral kommune er ein IA-bedrift som inneber at ein skal legge til rette for at flest mogeleg skal kunne vere i arbeid. Det vil i periodar føre til at einingane vil trenge vikarar. I personalgruppene både i barnehage og skule vil det vere tilsette med ulike behov som kan føre til fråvær i større eller mindre storleik. Både barnehage og skule legg opp til å bruke minst mogeleg vikar. I dei periodane ein nyttar vikar er det så langt det er mogleg kjende vikarar. Så lang det er mogleg har ein med vikarar på intern opplæring slik at barnehagetilbod og undervisning skal få mest mogleg kontinuitet.



Tabell over sjukefråvær 2014

Eining	Eigenmeldt fråvær	Sjukemeldt fråvær 1-16 dagar	Sjukemeldt fråvær over 16 dagar	Sjukefråvær i prosent
Barnehage	1,7 %	0,6 %	9,3 %	11,6 %
Skule	0,5 %	0,4 %	10,6 %	11,5 %

Denne tabellen syner oversikt over fråvær heile 2014. Som tabellen syner er det langtidsfråvær som er høgt i einingane.

### Utfordringar:

Barnehage og skule har tilpassa arbeidsoppgåver slik at det er minst mogeleg fråvær blant tilsette. Utarbeida gode system for opplæring slik at barnehagetilbod og undervisning beheld kontinuitet sjølv om det er fråvær i einingane. Begge einingane har tilgang til gode vikarar som er kjend med systema i barnehage og skule. Begge einingane har hatt nedgang i sjukefråværet utover hausten. Arbeide for å senke langtidsfråværet i einingane. Fråværet er ikkje knytt til arbeidsmiljøet.

## LEIINGA VED SKULEN

Skuleleiinga, med rektor i spissen, kan ha stor positiv innverknad på læringsmiljøet og læringsutbyttet til elevane. Dette føreset utøving av godt leiarskap.

Vi kan sjå på skulen som ein kunnskapsorganisasjon med strenge krav til det faglege, og der faglege spørsmål får stor merksemd på alle nivå. Den evna rektor har til å leie læringsprosessar vil vere avgjerande. I ein slik situasjon blir det viktig både å vere ein god leiar og ein tilstrekkeleg god fagperson til at ein kan gjere eigne, faglege vurderingar, og spele på fagpersonar internt og eksternt. Ofte har enkelte lærarar ein høgare fagleg kompetanse enn rektor på bestemte område. Dette krev mellom anna at rektor òg har tilstrekkeleg legitimitet hos desse lærarane og på desse områda. Det set krav til både leiar og medarbeidarar.

Krav og forventningar til rektor kan delast inn i fem hovudområde:

### 1. Læringsresultata og læringsmiljøet til elevane

Rektor er ansvarleg for læringsresultata og læringsmiljøet til

elevane, og den evna rektor har til å leie læringsprosessar og rettleie lærarar i denne prosessen, er avgjerande. Skulen er ein kunnskapsorganisasjon med strenge krav til det faglege. Rektor må derfor ha tilstrekkeleg god fagkompetanse og legitimitet til å kunne gjere gode faglege vurderingar og spele på fagleg kompetanse internt og eksternt.

### 2. Styring og administrasjon

Rektor er ansvarleg for at samfunnsoppdraget til skulen blir utført. Dette inneber at rektor handlar på vegner av sentrale og lokale myndigheiter. Det føreset at rektor kjenner og følgjer lov og forskrift, medrekna læreplanverket. Rektor skal òg syte for god intern administrasjon, styring og kontroll.

### 3. Samarbeid og organisasjonsbygging, rettleiing av lærarar

Rektor er ansvarleg for at skulen fungerer godt som organisasjon. Dette inneber å byggje fellesskap, arbeidsmiljø, samarbeid og organisasjonskultur slik at lærarane og andre tilsette kan hjelpe kvarandre og vere stolte og motiverte. Dei skal oppleve at dei får støtte, hjelp og rettleiing av rektor.

### 4. Utvikling og endring

Rektor har det overordna ansvaret for utvikling og endring i skulen og hos lærarane. Både samfunnet, elevgrunlaget, foreldra, teknologien og politikken endrar seg, og faga utviklar seg. Leiing og styring av utviklings- og endringsprosessar blir ei av dei viktigaste, men vanskelegaste, oppgåvene.

### 5. Leiarrolla

Det er ønskeleg med ein leiar som har eit avklart forhold til si leiarrolle og sin eigen leiarskap, og som er i stand til å definere og redefinere og om nødvendig forhandle og reforhandle si leiarrolle og sine vilkår for å utøve god leiing. Det er ønskeleg med ein leiar som er tydeleg, demokratisk, sjølvstendig, trygg og modig.

# VEDLEGG 2

## Omsorg i Åseral 2015-2013

Utgangspunktet for dette dokumentet er planprogrammet som kommunestyret vedtok 9/9-14. På s. 7 i planprogrammet er arbeidsgruppe 3 omtalt (Attraktivitet for busetnad). Her går det fram at skule og barnehage samt helse- og omsorgstenester må gjevast ei særskilt vurdering. Vidare på s. 8 der følgjande er tatt inn under helse- og omsorg: Vurdering av framtidig tenestetilbod, inkludert høveleg bygningssmasse, skal ha eit særskilt fokus i kommuneplanarbeidet. Vesentlege moment i eit slikt arbeid vil vera som følgjer:

- Fordeling mellom institusjonsplassar og tilrettelagte bustadar
- Omfanget av heimebaserte tenester
- Samarbeid med friviljug sektor
- Nye teknologiske løysingar innan helse- og omsorgstenester
- Lokal samhandling for god effektivitet innan helse- og omsorgstenester
- Tenester for unge med nedsatt funksjonsevne

Ut frå vurderinga av momenta over må det gjevast ei tilråding for investeringsbehov på omsorgssenteret ev. trong for investering i ny bygningssmasse.

## FORDELING MELLOM INSTITUSJONSPASSAR OG TILRETTELAGTE BUSTADAR

### Status:

I eit framtidsperspektiv (2015-2040) med høgare befolkningsvekst, avgrensa kommuneøkonomi og mangel på tenesteytarar for å kunne oppretthalda dagens standard på tenester, blir det ei utfordring å prioritere tiltak og tenester i ein tidleg fase av kommuneplanlegginga for å kunne redusere og førebygge dei kostnadskrevjande og «tunge» tenestene.

Det er tidligare lagt vekt på at fokuset frå institusjonalisering må vike for dei ynskjer som befolkninga har kome med i

tidligare brukarundersøkingar. Der har det heilt klart vore eit sterkt ynskje frå dei spurde at dei ynskjer å bu heime så lenge som mogleg. At dette har fått, og vil framleis ha, betyding er ei medverkande årsak til at ein har redusert talet på institusjonsplassar i kommunen frå 16 til 8 dei seinare åra.

Demografiske statistikkar viser oss at me vil ikkje få så veldig mykje høgare tal på eldre over 80 år mot 2040. Talet over 67 år vil auke frå 140 i dag til ca 260 fram mot 2040.

Det ein ser i dag er at halvparten av dei som har institusjonsplass på Åseralsheimen er under 75 år. Dette er ikkje landsgjennomsnitt, men veldig spesielt for Åseral. Det ein kan sjå er at dei yngre brukarane har ofte eit stort hjelpebehov med mange og samansette diagnoser. Demens er ikkje bare ein «gamal-mannssjukdom». Det kan vere mange ulike årsakar til demens, mellom anna rus/hjerneblødning/traume som gjer at ein får demens som ein tilleggsdiagnose.

Ein har rekna at 8 institusjonsplassar og 4 korttidsplassar for brukarar som kjem inn på avlastning/ rehabiliteringsopphald/ opptrening/innlegging frå sjukehuset/fastlege. Dette er ein konsekvens av samhandlingsreforma. Sjølv om ein har akutt-plassar ved LRMS i Mandal, så vil det vere behov for kort veg frå brukar i heimen til korttidsplass på institusjon. Ein ser at nøkkeltal frå Helsedirektoratet viser at Åseral ikkje nyttar mykje sjukehusinnleggingar samanlikna med omkringliggjande kommunar, men at vakthavande legevakslege legg pasientar direkte inn på sjukeheimen. Dette krev spesiell kompetanse og erfaring hjå personalet på avdelingane.

### Utfordringar:

Åseralsheimen er stor i areal og lite tilrettelagt for demensomsorg. Generelt er den tekniske tilstanden god. Dette er grundig slått fast i ein rapport i 2008 og i 2014, gjennomført av Sweco. Det er eit dyrt bygg å drifte, noko som budsjett for energibruk viser tydeleg. Det er gjennomført mange ulike påbygg, noko som har løyst utfordringar «der og då», men som viser seg å vere lite funksjonelle i kvardagen. Det er dårlege uteområde og lite moglegheit til å legge til rette for uteaktivitet for bebuarane ved Åseralsheimen. I brukarundersøkinga frå desember 2014 er det ein av dei sterkaste signala pårørande til bebuarane har, at dei som bur der har ikkje gode moglegheiter til å koma seg ut i frisk luft. Sjølve bygget er lite tilrettelagt med tanke på at ein kan nytte

seg av dei uteareal som er der i dag. Til dømes er det ein god del areal på sørsida av sjukeheimen som er heilt unnytta.

Å ha eit godt butilbod i kommunen er viktig, anten du treng tilrettelagt bustad eller ikkje. Ein kan vente befolkningsvekst med fleire eldre, vanskelegstilte barnefamiliar, flyktingar, menneske med funksjonshemming, rusutfordringar og psykiske lidingar. Dette kan føre til ein høg del av menneske i Åseral som krev tilrettelagte bustadar kortare eller lengre delar av livet sitt. Fleire av bustadane me har i Åseral i dag er spreidd rundt i bygda. Dette krev mykje personalressursar om bebuarane skal ha tilsyn heile døgnet.

Dekningsgraden på tilrettelagte bustadar har vore over 80 %, og ein ser i dag på dette som eit tilbod som kan brukast som «mellomstasjon» for brukarar som er for dårlege til å bu heime, men som ikkje treng institusjonsplass. Det er i dag 11 leilegheiter, og pågangen har vore jamn i heile 2014. Mot 2030 reknar ein med at etterspurnaden vil vere stigande i takt med talet på eldre. Det er også eit behov for bustadar for unge med nedsatt funksjonsevne. Desse blir også gamle ei gong, og ein forventar ein høgare levealder enn tidlegare for desse. Det er viktig å ta omsyn til at desse har heilt andre utfordringar når dei blir eldre enn dei som har vore friske gjennom livet. Det er gitt signal frå faggruppa at det trengs bustadar til 6-8 unge med nedsatt funksjonsevne. Då kan ein tenke seg at 20-23 bustader som er tilrettelagte er nødvendig i kommunen i framtida.

## OMFANGET AV HEIMEBASERTE TENESTER

### Status:

Det har dei siste åra vore fokus på at ressursar frå institusjon skulle flyttast over på heimebaserte tenester. Dette omfattar også tilrettelagte bustadar, psykisk helsetilbod, støttekontaktar og tenester til folk med nedsatt funksjonsevne. Ein ser også eit ønske frå befolkninga om å bu heime så lenge som mogleg. Dette vil ha store konsekvensar for tilbodet frå heimetenestene, men vil vere ressursparande med omsyn til institusjonsplassar.

Me er ein stor kommune i areal, og med lange strekningar

frå ende til annen, er det tidkrevjande å gje eit tilbod til menneske som treng det på Ljosland og Bortelid. Dette har heimetenestene allereie sett i dag med meir pågang av gjestepasientar med omfattande hjelpebehov som skal på hytta si i helger og høgtider, då ein opererer med lågare bemanning enn elles i veka. Helselova seier at ein skal tilby helsehjelp om dei oppheld seg i kommunen, og ein har gitt eit godt tilbod, og fått gode tilbakemeldingar på dette i etterkant. Dette er god omdømebygging for kommunen, men tappar heimetenestene for ressursar, og då spesielt i køyretid på dei lange avstandane. Det har ført til overtidsbruk, og inntak av ekstra personale på dagar ein har høge lønsutgifter og ein lågare intensitet på tenesta. Legekontoret har merka aukande trong for helsetenester knytt til at det er eit høgt tal fritidsbustadar i kommunen, og dette merkast særleg knytt til feriar og høgtider.

Me har hatt eit stabilt tal brukarar i heimetenesta dei siste åra. Me har 3-4 akuttinnleggingar i året, 14 rehabiliteringsopphald og 14 behandling -og utredningsopphald i 2014. Dette er eit mykje høgare tal enn i 2013, og viser at legar som er kjende med pasientane og situasjonen, avventar sjukehusinnlegging. Totalt sett sparar dette samfunnet for belastningar ved å ikkje belasta spesialisthelsetenesta. Ein har mykje lågare tal på avlastningsopphald i 2014. Dette kan skuldast at ein med forskyving av ressursar har klart å gje eit tilfredstillande tilbod til heimebuande, slik at avlastning ikkje har vore nødvendig. Ein må ta med at det er små tal, og ein ressurskrevjande brukar kan utgjere svingingar i tala. Tala er tatt frå Profil, dokumentasjonssystemet i kommunen.

### Utfordringar:

Åseral har i dag ei «ung» befolkning. Denne er i folkehelseprofilen beskrive med større del ledd- og muskelplager enn kommunar i same gruppe, og større del mellom 18-43 år som er uføretrygda. I 2040 vil denne gruppa tilhøyre gruppa mellom 67-79 år, og det er noko annleis enn andre kommunar som vil ha større del eldre over 80. Det me ser i dag er at 50 % av dei som har institusjonsplass er under 75 år, så ein må ikkje ta alder som kriterium for at ein treng eit visst tal institusjonsplassar i framtida. Desse «unge» eldre har ofte eit meir komplekst samansett diagnosekart enn eldre som er «berre» demente. Når forskning og framtidsstatistikkar seier at helseutviklinga vil endra seg i takt med demografien, vil det



vere dobbelt så mange med demens i 2040 som i dag. I eit framtidsperspektiv (2015-2040) med høgare befolkningsvekst, avgrensa kommuneøkonomi og mangel på tenesteytarar for å kunne oppretthalda dagens standard på tenester, blir det ei utfordring å prioritere tiltak og tenester i ein tidleg fase av kommuneplanlegginga for å kunne redusere og førebygge dei kostnadskevjangande «tunge» tenestene.

Det vil ikkje fram mot 2020 vere behov for auke i tal på årsverk innan institusjon og heimeteneste. Den store auken i behov for personale vil koma mellom 2025 og 2040. Då vil det vere behov 51 årsverk, mot dagens 32. Det vil vere spesielt behov for helsefagarbeidar og sjukepleiar med spesialkompetanse. Dette har sin bakgrunn i samhandlingsreforma som krev meir behandling ute i kommunane og ein høgare terskel for innlegging på sjukehus for enkle behandlingstiltak for eksempel sondebehandling, intravenøs behandling, rehabilitering og opptrening etter traume og fall.

Det vil også vere naudsynt med kompetanseheving på område som pasienttryggleik, behandlingsforløp, IKT, folkehelse, førebygging, ulike lågterskeltilbod og velferdsteknologi. I perioden fram mot 2040 vil ein kunne tilby gjestesenger/rekreasjonsopphald ved ledig kapasitet i eininga. Ein vil også kunne ta i mot gjestepasientar frå andre kommunar som ikkje kan handtere den store auka i talet på eldre. Dette vil kunne gje noko meir inntekt i perioden til ein har bruk for bustadar eller institusjonsplassane sjølv.

Om kommunen opnar for utstrakt bruk av fritidsbustadar til heilårsbruk, vil me sjå heilt andre utfordringsbilete enn det me gjer i dag. Dette vil føre til eit heilt anna kart enn det me driv med i hemetenestene i dag, og både tilbod, struktur og organisering vil måtte endrast i takt med etterspørsel.

## SAMARBEID MED FRIVILJUG SEKTOR

### Status:

I dag har ein ikkje eit utstrakt samarbeid med friviljug sektor. Det er enkelte arrangement der ein samarbeider med lag og foreiningar, og ein opplever dette svært positivt. Dette er noko som har blitt redusert frå tidlegare år, og det er uklart

av kva slags grunn. I ei lita bygd slit ein med rekruttering til dugnadsarbeid, og kanskje det er derfor ein ikkje klarar å oppretthalde dette arbeidet.

Det må seiast at Mental Helse er den organisasjonen som er flinkast til å ta initiativ til samarbeid. Dei har fellesmiddagar og arrangement (Verdensdagen for psykisk helse) saman med eininga.

### Utfordringar:

Med ein kommune som er langstrakt og tynt befolka i dei fleste områda er det viktig å ha eit tilbod for å unngå sosial isolasjon og einsemd. Frivilligsentralen i Åseral vil vere ein viktig bidragsytar i denne innsatsen då ein ikkje kan venta å kunne dekkja alle dei behova til befolkninga via den kommunale helse- og omsorgsdelen. Det vil vere ein fin balanse mellom «lovpålagte offentlege tenester» og det tilbodet som frivillig-sentralen kan gje. Dette blir eit spanande samarbeid som ligg føre oss.

Ein må leggja til rette for tilrettelagte lokale så det gode samarbeidet med Mental Helse kan halda fram.

## NYE TEKNOLOGISKE LØYSINGAR INNAN HELSE- OG OMSORGSTENESTER

### Status:

Kommunen ligg langt etter i forhold til utprøving av teknologiske løysingar innan velferd. Leverandøren av tryggleikssystem (El-Com) seier Åseral er den kommunen i Agder som har det eldste systemet for tryggleiksalarmar, og systemet er så gammalt at ein kan ikkje oppdriva papirullar til «sentralen» lenger. Halvparten av alarmane me har i kommunen er 2. generasjons alarmer, og når ein bestiller nye alarmer i dag, er det 5. generasjon me får. Me er i full gang med å skifte dette ut, og har i desember 2014 knytt oss til sentralen på Evje i forhold til dette. Dette vil medføre at me får alarmen frå brukar rett på telefonen til heimesjukepleia. Dei kan rykka rett ut til brukar i plassen for å gå om heimen og personalet der. Me vil også i løpet av februar investera i ein ny telefon til heimetenesta, som døralarmar og GPSar til brukar er kopla opp mot. Dette har i 2014 hindra ei innlegging i institusjon og må seiast å vere verd investeringa. Heimetenesta har i slutten av 2014 og over nyttår 2015

begynt med opplæring i «mobil omsorg». Det vil seie at ein tar med tiltaksplanar og arbeidslister elektronisk og kan dokumentera rett etter at ein har vore hjå brukar. Det vil føre til færre avvik, og at brukar får hjelp etter tiltaksplan. Dette er det ikkje talmateriale på ennå då det er just tatt i bruk. Me er tilknytt ulike deler av Helsedirektoratet si pasientsikkerhetskampanje. Mellom anna «United4health». Dette er spesielt knytt opp mot pasientgruppa som har KOLS. Dessverre er ikkje nokre åsdølar aktuelle for denne utprøvinga av velferdsteknologi for tida.

### **Utfordringar:**

Viss Telenor gjer alvor av planane sine om å kutte det analoge nettet i 2017, vil det bli ei utfordring å levere tryggleiksalarmar til alle som ynskjer det. Det er ikkje alle plasser i kommunen det er mobildekning, og ein vil då ikkje kunne levera alarm til dei som til dømes bur på Breland.

Ein ser at nokre oppgåver som i dag tar mykje personellressursar vil kunne erstattast med velferdsteknologi. Det er ikkje for å kutte ned på «dei varme hendene», men som eit substitutt. Det må i siste instans vere brukar som bestemmer kva slags teknologi som skal vere ein del av hans kvardag, men noko så enkelt som ein robotstøvsugar kan erstatta at personale brukar tida si på å støvsuge, men heller set seg ned og talar med brukar. Dette vil krevja ein del investeringar i eininga framover. Det vil også krevja ein del ressursar med tanke på opplæring av dei tilsette. Det er viktig med god kjennskap og kunnskap om dei verktya dei skal bruka i kvardagen, slik at brukar kjenner seg trygg og får ei optimal oppfylgning i sin situasjon.

Det som er tilbakemeldingar i prosjekt som nyttar velferdsteknologi i ulike diagnosegrupper, er at brukar opplever mestring og at dei tilsette har betre tid til dei. Det vil vere heilt naudsynt å ta ansvar for eiga helse i framtidig helse og omsorgstilbod, for det vil ikkje vere nok personalressursar til å ta seg av dei som treng det, slik me organiserer og gjennomfører tenestene i dag.

## **LOKAL SAMHANDLING FOR GOD EFFEKTIVITET INNAN HELSE- OG OMSORGSTENESTER**

### **Status:**

Ei utfordring i dag er tilstrekkeleg tverrfagleg samarbeid. Helsetenestene er samla på annan stad enn omsorgstenestene, og ein opplever ei «silotenking» når tverrfaglege grupper blir samansett. Hadde ein vore lokalisert på same plassen, ville dette samarbeidet vore lettare å få til reint praktisk, og brukarane ville kunne få eit meir effektivt og nedkorta behandlingsforløp med korte liner mellom einingane. Det er vanskeleg å få eit samla fagmiljø når ein har avstand mellom dei ulike fagmiljøa. Dette har blitt gjort noko med når det gjeld «helsehuset» i kommunen, der ein har samla fleire fagmiljø som har felles brukarar.

### **Utfordringar:**

Det somatiske og psykiske helsetilbodet til barn og unge i kommunen må ha ein førebyggjande og behandlande funksjon. Fagmiljøet må styrkast, og ein må kunne samle seg om eit «folkehelsesenter»/frisklivssentral der brukarane til dømes har kort avstand frå lækjar til fysioterapeut. Dette vil skapa rom for ei meir tverrfagleg tenking i helse- og omsorgsperspektivet, noko som ein saknar i dag. Dette er det ikkje eigna areal til i dag.

Helsedirektoratet har i 2015 fokus på individuelt tilpassa pasientforløp. Dette krev at tenestetilbydarane har godt samarbeid og felles mål. Individuell plan er noko som vert brukt i dag, men då spesielt til brukarane innan rus og psykiatri. Her vil eit mål vere å bli flinkare til og implementera dette hjå dei eldre brukarane også.

Helsehuset har også for liten kontorplass og terapeutisk areal til sine brukarar i dag, og dette vil kunne løysast ved å tenka meir samkøyring med areal og einingar.

## TENESTER FOR UNGE MED NEDSATT FUNKSJONSEVNE


### Status:

I dag finst det ikkje butilbod for unge med nedsatt funksjonsevne i kommunen. Dette er eit etterspurt tilbod frå dei pårørande til unge med ulike nivå av funksjonshemming i kommunen. Desse er opptatt av at dei unge skal få eit likeverdig og godt tilbod om bustad som er tilpassa deira born sine behov. Det er også ei tilbagemelding ein skal ta med seg at foreldra er opptatt av at ein slik tilrettelagt bustad ikkje skal vere tilknytt sjukeheim, eller institusjonspreg over bustaden. Dei unge med nedsatt funksjonsevne bur heime hjå foreldra med eit differensiert avlastningstilbod tilpassa den enkelte brukaren. Dette er ein ressurskrevjande måte å driva denne tenesta på (Kommunebarometeret).


### Utfordringar:

Når ein brukar krev meir enn tilsyn på dagtid, krev det ekstra personalressursar. Krev brukaren også tilsyn på natt, har heimetenesta i Åseral ei stor utfordring. Det er to personar på nattevakt i kommunen, og ein tenker seg at den eine er tilknytt heimebaserte tenester. Det vil seie den går ut på korte tilsyn/besøk på natt, og desse er ikkje utanfor Kyrkjebygda. Lengre avstandar vil skapa utfordringar i forhold til den som er att på Åseralsheimen i forhold til branntryggleik.

### Mottakarar av institusjons- og heimetenester



### Behov for årsverk i institusjons- og heimeteneste



(Kjelder: kommuneframskrivingar, regjeringen.no/krd)

## OPPSUMMERING OG TILRÅDINGAR

### «Folkehelsesenter»/frisklivssentral

Det vil vere ein fordel å kunne samle seg om eit «folkehelsesenter»/frisklivssentral der brukarane til dømes har kort avstand frå lækjar til fysioterapeut. Dette vil kunne skapa rom for ei meir tverrfagleg tenking i helse- og omsorgsperspektivet.

### Avstandar - nattevakt

Lange avstandar for nattevakt vil skapa utfordringar i forhold til den som er att på eit «omsorgsbygg/-base» i forhold til branntryggleik.

### Velferdsteknologi

Oppgåver som i dag tek mykje personalressursar vil kunne erstattast med velferdsteknologi.

### Framtidsstatistikkar og demens

Forskning og framtidsstatistikkar seier at helseutviklinga vil endra seg i takt med demografien, og det vil vere dobbelt så mange med demens i 2040.

### Behov for bygningsmasse

Utrekningar syner at det i 2025-30 vil vera behov for 8 institusjonsplassar og 4 korttidsplassar for brukarar som kjem inn på avlastning/rehabiliteringsopphald/opptrening/innlegging frå sjukehus/fastlege. Vidare er det rekna eit behov for 20-23 bueiningar som er tilrettelagte i framtida.

### Dagens bygningsmasse

Sweco har i sin tekniske tilstandsanalyse av Åseralsheimen frå desember 2014 følgjande tilrådingar:

Overordnet vurdering av tilstanden for bygget (frå kap. 3)

«*Generell tilstand på alle bygningsdeler, viser elles til vedlagte tilstandsanalyse med vurdering av bygningsdeler*»

Anbefalte tiltak på utvendige fasader for å heve standarden til TEK 10 (frå kap. 4.1.2)

«*Det anbefales å gjøre en helhetlig rehabilitering av alle fasader, vinduer, dører og tak*»

Anbefalte tiltak for å heve standarden på innvendige overflater (frå kap. 4.1.3)

«*Innvendige overflater oppgraderes og belegget byttes*»



### Alternativ bruk av eksisterende bygg (frå kap. 4.6)

«Det må utredes alternativer for eksisterende bygg dersom det blir aktuelt å etablere nytt institusjons- og omsorgssenter i Åseral kommune.

- Turisme/hotell
- Seniorleiligheter (ref Selvåg omsorg) for frigjøring av eneboliger
- Osv.

På grunn av kvalitet på eksisterende byggverk har vi ikke vurdert riving»

### **Framtidig bygningsmasse**

Rapporten til Sweco tilrår at «Det må utredes alternativer for eksisterende bygg dersom det blir aktuelt å etablere nytt institusjons- og omsorgssenter i Åseral kommune». Det vil vere naturleg at politisk nivå i kommunen tek stilling til kva ein ynskjer å utgreie nærare :

1. Ei mindre omfattande renovering av Åseralsheimen
  2. Sanere bygningsmassen på Åseralsheimen for så å sette opp nybygg på tomta
  3. Ei totalrenovering av eksisterande bygningsmasse
  4. Etablere ny bygningsmasse på ei eller fleire tomter bestående av mindre einingar og tilgang til fellesareal.
  5. Sal/bruk av eksisterande bygningsmasse til utvikling av alternativt formål (eks. utvikling av leiligheter, næringsbygg, folkehøgskole, osv.). Om eksisterande bygningsmasse vert seld til ein utbyggjar, vil kommunen kunne avtale å leige/kjøre renoverte leiligheter etter behov.
- Ved ei eventuell ombygging av eksisterande bygningsmassen /nybygg bør ein sjå på moglegheitene for felles kjøkkendrift med skule og barnehage.
  - Kommunereformarbeidet vil også kunne åpne for planlegging av tilbud på tvers av kommunegrenser.

### **Mandat – bygningsmasse**

Om politiske nivå ynskjer å renovere Åseralsheimen og/eller sette opp ny bygningsmasse er det naturleg at det vert utarbeidd eit mandat til administrasjonen som syner kva alternativ ein vil utgreie og forventningar til framdrift.



Folkehelseprofilen er eit bidrag til kommunen sitt arbeid med å skaffe seg oversikt over helsetilstanden i befolkninga og faktorar som påverkar denne, jamfør Lov om folkehelsearbeid. Statistikken er frå siste tilgjengelege periode per oktober 2014.

### Nye indikatorar i 2015:

- Utdanningsforskjellar i forventa levealder
- Utvida indikator på drikkevatt
- Lågaste meistringsnivå i rekning
- Overvekt blant kvinner
- Antibiotikabruk

Utgitt av  
Folkehelseinstituttet  
Avdeling for helsestatistikk  
Postboks 4404 Nydalen  
0403 Oslo  
E-post: [kommnehelsa@fhi.no](mailto:kommnehelsa@fhi.no)

Redaksjon:  
Camilla Stoltenberg (ansvarleg redaktør)  
Else-Karin Grøholt (fagredaktør)  
I redaksjonen: Fagredaksjon for folkehelseprofilar  
Idékjelde: National Health Observatories, Storbritannia  
Foto: Colourbox og Scanpix  
Nynorsk  
Batch 1303151207.1503151945.1303151207.1503151944.16/03/2015  
8.57

Elektronisk distribusjon:  
[www.fhi.no/folkehelseprofiler](http://www.fhi.no/folkehelseprofiler)

## Nokre trekk ved folkehelsa i kommunen

Temaområda er valde med tanke på moglegheitene for helsefremjande og førebyggjande arbeid. Indikatorane tek høgde for alders- og kjønnsamansetnaden i kommunen, men all statistikk må også tolkast i lys av kunnskap om lokale forhold.

### Befolkning

- I aldersgruppa 45 år og eldre skil andelen som bur åleine seg ikkje eintydig frå landsnivået.

### Levekår

- Andelen av befolkninga som har vidaregåande eller høgare utdanning skil seg ikkje eintydig frå landsnivået.
- Kommunen skil seg ikkje eintydig frå landsnivået når det gjeld andelen barn (0-17 år) som bur i husstandar med låg inntekt. Låginntekt er her definert som under 60 % av nasjonal medianinntekt.

### Miljø

- Andelen personar som får vatn frå vassverk som både har tilfredsstillande resultat for E. coli og stabil drikkevassforsyning ser ut til å vere lågare enn landsnivået. Når ein vurderer tala for drikkevassforsyninga i kommunen, må ein ta omsyn til at statistikken gjeld den delen av befolkninga som får vatn frå rapportpliktige vassverk, sjå indikatornummer 12, forsyningsgrad.

### Skule

- Statistikk på fråfall i vidaregåande skule blir ikkje vist fordi talgrunnet er utilstrekkeleg. Les meir om fråfall på midtsidene.
- Statistikk på andelen 5.-klassingar som er på lågaste meistringsnivå i rekning blir ikkje vist fordi talgrunnet er utilstrekkeleg.

### Levevanar

- På kommunenivå finst det lite statistikk på levevanar som kosthald, fysisk aktivitet og bruk av tobakk, alkohol og rusmiddel. I folkehelseprofilen finst data på røykevanar og overvekt blant gravide kvinner i starten av svangerskapet. Dette kan seie noko om levevanar i heile befolkninga i kommunen. Indikatorane under temaområdet helse og sjukdom kan også indirekte gi informasjon om levevanar i befolkninga. I Norgeshelsa statistikkbank finst det levevanestatistikk på fylkesnivå.

### Helse og sjukdom

- Forventa levealder for kvinner er ikkje eintydig forskjellig frå landsnivået. Forventa levealder blir rekna ut på grunnlag av tal på dødelegheit dei siste 15 åra.
- Talgrunnet er for lite til å kunne vise statistikk på sosiale helseforskjellar i kommunen målt som forskjell i forventa levealder mellom utdanningsgrupper.
- Andelen med psykiske symptom og lidingar i alderen 15-29 år er lågare enn landsnivået, vurdert etter data frå fastlege og legevakt. Les om psykisk helse blant barn og unge på midtsidene.
- Andelen som vert innlagt på sjukehus med hjarte- og karsjukdom er ikkje eintydig forskjellig frå landsnivået. Denne indikatoren bør vurderast i samanheng med andre indikatorar på hjarte- og karsjukdom.




## Tilrettelegging for god psykisk helse blant barn og unge

Når barn og unge opplever tryggleik, har ei kjensle av å høyre til og trivst i lokalmiljøet, legg det eit godt grunnlag for god psykisk helse gjennom heile livet. Kommunane legg premissane for utviklinga av lokalsamfunnet, og kan på den måten påverke barn og unge si psykiske helse ved å stimulere til utvikling av gode lokalsamfunn.

Familie og nære vener er viktige personar for barn og unge i alle aldrar. I løpet av oppveksten blir også personar og relasjonar utanfor familien viktige. Kommunen har verkemiddel for å skape gode rammer for barn og unge når dei utvidar sine sosiale omgivadar.

Lokalsamfunnet, kommunen og fylkeskommunen kan påverke mange av dei arenaene der barn og unge deltek. Det helsefremjande og førebyggjande arbeidet blir best dersom kommunen ser tiltak i eit livsløpsperspektiv, og der ulike aktørar trekker i same retning, sjå figur 1.

Figur 1: Arenaer for det helsefremjande og førebyggjande arbeidet for psykisk helse på ulike alderstrinn (Øverland, 2014).



0–3 år: Helsestasjonen og barnehagen er viktige for det helsefremjande og førebyggjande arbeidet. I tillegg er mange barn og foreldre ein del av uorganiserte nettverk.

3–6 år: Barnehagen og uorganisert leik og aktivitet i nabolag og på leikeplassar er viktig. Mange begynner og med organiserte fritidsaktivitetar i denne alderen.

6–16 år: Barna utvidar omgangskretsen sin, og det blir meir vanleg å delta i organiserte fritidsaktivitetar. Barna brukar mykje tid både på skulen og i skulefritidsordninga (SFO). I tillegg er skulehelsetenesta og den pedagogisk-psykologiske tenesta viktige i det førebyggjande arbeidet.

16–19 år: Dei fleste går på vidaregåande skule. I tillegg utviklar mange eit sjølvstendig forhold til organiserte og uorganiserte aktivitetar. Nokre unge kjem og i kontakt med arbeidslivet i denne perioden.

### Nabolag og fritidsaktivitetar

Det å vekse opp i nabolag og lokalsamfunn prega av fellesskap, sosial samhandling og organisasjonsaktivitet fremjar psykisk helse blant barn og unge. For sårbar gruppe som har mindre nettverk utanfor heimen, er det særleg viktig å kjenne at ein høyrer til i nabolaget. Dette kan for eksempel gjelde flyktningar, innvandrare, aleineforeldre og dei som står utanfor skule og arbeidsliv.

Kommunen kan leggje til rette for sosiale møteplassar, leikeplassar og «grøne område» i nærleiken av der folk bur, og kan slik bidra til gode nabolag og eit godt oppvekstmiljø. Utbetring av bustader og bustadstrøk kan auke stabiliteten og trivselen i nabolaget, noko som også er med på å trekke lokalsamfunn i ei helsefremjande retning.

Å delta i organiserte fritidsaktivitetar som idrettslag, musikkorps og andre frivillige organisasjonar kan verke positivt inn på utviklinga og den psykiske helsa til barn. Aktivitetane gjer det mogleg for barn og unge å samhandle med støttande vaksne, etablere venskap med jamaldrande, gjere ein innsats mot felles mål og oppleve kjensla av meistring.

### Tidleg innsats i barnehage og helsestasjon

I dag går 97 prosent av 3–5-åringane i barnehagen. Barnehagen har ein gunstig effekt på den språklege og sosiale utviklinga til barn. Særleg for barn frå familier med låg sosioøkonomisk status og innvandrarbakgrunn er barnehagen viktig. Barnehagen kan dermed vere ein viktig arena for å utjamne sosiale helseforskjellar. Kvaliteten på barnehagar er vesentleg. Dette er viktig for kvaliteten på barnehagane:

- relasjonen mellom barn og vaksen
- innhaldet i det pedagogiske tilbodet
- utdanningsnivået blant personalet
- tal på barn per vaksen
- stabilitet i personalet

Barnehagar og helsestasjonar kan fange opp og hjelpe barn som viser teikn til ulike psykiske plager, språk- eller åtferdsproblem. Å setje inn hjelpetiltak tidleg gir betre moglegheit for å førebyggje seinare psykiske vanskar og uheldig utvikling. Barnehagar og helsestasjonar er òg viktige for å rettelle foreldre og eventuelt vise familien vidare til andre hjelpetiltak.

Barselgrupper kan gi nybakte mødrer eit nettverk som har betydning både for mødrerne og barna i ein viktig fase i livet.

Helsestyresmaktene tilrår kommunane å samordne tenester som er retta mot barn og unge. Modellen «Familiens hus» er ein måte å organisere ei slik familieteneste på. Tenester som ofte inngår i «Familiens hus» er skulehelsetenesta, helsestasjon for ungdom og den pedagogisk-psykologiske tenesta.

Psykisk helse – ikkje berre plager og lidingar.

Omgrepet psykisk helse omfattar også det helsefremjande perspektivet som kjensla av å trivast og kapasitet til å meistre utfordringar i livet.

Les meir om psykisk helse på [www.fhi.no/tema/psykisk-helse](http://www.fhi.no/tema/psykisk-helse)



## Skulen er viktig for den faglege og sosiale utviklinga

Trivsel på skulen er ein av fleire faktorar som verkar inn på elevane sin motivasjon for å lære. I tillegg er trivsel viktig for at barn og unge skal kunne meiste utfordringar i skulevardagen. Det å oppleve meistring styrkjer sjølvtiliten og den psykiske helsa til barn.

Figur 2 viser prosentdelen 10.-klassingar som seier at dei trivst godt eller svært godt på skulen. Tala blir vist for kommunen, fylket og heile landet.

Eit belastande eller stressande skulemiljø aukar risikoen for psykiske helseproblem. Mobbing, faglege vanskar, negative forhold til lærarar og manglande støtte frå elevar og vaksne gir auka risiko for skulefråvær og psykiske helseplager.

Figur 3 viser prosentdelen 10.-klassingar som seier at dei føler seg mobba på skulen. Tala blir vist for kommunen, fylket og heile landet. Når ein vurderer tala, må ein vere merksam på at tala for trivsel og mobbing kan skjule stor variasjon mellom ulike skular i kommunen.

Skulen kan bidra til å fremje den psykiske helsa til elevane gjennom å bygge opp eit støttande sosialt miljø og tidleg fange opp elevar som har faglege vanskar. Samarbeid med foreldre er òg viktig. I tillegg finst det ulike skuleprogram som har vist gode resultat, mellom anna gjennom å auke elevane sin kunnskap om psykisk helse, heve den sosiale meistringfølelsen, styrkje dei sosiale ferdigheitene og førebyggje mobbing.

## Fråfall i den vidaregåande skulen

Fråfall i den vidaregåande skulen er eit omfattande problem. Figur 4 viser kva slags utfordringar kommunen har med fråfall i den vidaregåande skulen samanlikna med fylket og landet. Kommuneverdien kan skjule sosiale forskjellar mellom ulike grupper. Blant elevar frå familiar med lågt utdanningsnivå er andelen som fell frå høgare enn blant elevar frå familiar med høgt utdanningsnivå. Fråfall reduserer mogleheitene i arbeidsmarknaden, aukar risikoen for uføretrygd, dårlegare levekår og redusert helse.


Både norsk og internasjonal forskning viser ein samanheng mellom psykisk helse og fråfall i den vidaregåande skulen. Spesielt kan atferdsvanskar i barndomen føre til dårlegare skuleprestasjonar, som igjen gir auka risiko for fråfall. Tiltak som styrkjer barn og unge som slit med faglege og sosiale vanskar vil vere effektive når det gjeld å førebyggje fråfall. Det førebyggjande arbeidet må starte tidleg og omfatte alle fasar i utdanningsløpet.

Aktuelle tiltak i kommunen er å satse på å styrke språk og sosiale ferdigheiter i barnehagane. Vidare er det viktig at skulen satsar på god språkopplæring til alle, og set i verk spesielle tiltak for elevar som har lesevanskar og andre læringsvanskar. Også tiltak som styrkjer det sosiale miljøet på skulen er viktige for å hindre fråfall.


Fråfall i den vidaregåande skulen er størst blant elevar på yrkesfaga. Tiltak som fleksible opplæringsløp og meir praksis for elevar som strevar med teoretiske fag, tett oppfølging og rettleiing og samarbeid mellom skule og arbeidsliv har vist gode resultat. I arbeidet med fråfall er det behov for å ha ei heilskapleg og langsiktig satsing med omfattande samarbeid mellom kommunar og fylkeskommunar.

Sjå utvida artikkel med referansar på [www.fhi.no/folkhelseprofiler](http://www.fhi.no/folkhelseprofiler).


Figur 2: Andelen 10.klassingar som trivst svært godt eller godt på skulen (Elevundersøkinga, 2008/2009-2013/2014).



Figur 3: Andelen 10.klassingar som oppgjer at dei vert mobba på skulen (Elevundersøkinga, 2008/2009-2013/2014).



Figur 4: Andelen som har slutta på/ikkje bestått vidaregåande skule, status fem år etter at dei har begynt (2011-2013).






## Folkhelsebarometer for din kommune

I oversikta nedanfor blir nokre nøkkeltal i kommunen og fylket samanlikna med landstal. I figuren og i talkolonane blir det teke omsyn til at kommunar og fylke kan ha ulik alders- og kjønnsamansetnad samanlikna med landet. Statistikk utan alders- og kjønnsstandardisering finst i Kommunehelsa statistikkbank, khs.fhi.no. Forskjellen mellom kommunen og landsnivået er testa for statistisk signifikans, sjå [www.fhi.no/folkhelseprofiler](http://www.fhi.no/folkhelseprofiler)

- Grøn verdi betyr at vi svært sikkert kan seie at kommunen ligg betre enn landsnivået
- Raud verdi betyr at vi svært sikkert kan seie at kommunen ligg dårlegere enn landsnivået
- Gul verdi fortel at vi ikkje sikkert kan seie om kommunen ligg dårlegare eller betre enn landsnivået
- Ikkje testa for statistisk signifikans
- ◆ Verdien for fylket (ikkje testa for statistisk signifikans)
- ▮ Verdien for landet
- ▬ Variasjonen mellom kommunane i fylket

Halvsirklar: Kommuneverdiar som er meir enn dobbelt så høge som landsverdien eller mindre enn halvparten av landsverdien, blir vist som halvsirklar i ytterkant av figuren. Ein "grøn" verdi betyr at kommunen ligg betre enn landsnivået, likevel kan det innebere ei viktig helseutfordring for kommunen då landsnivået ikkje nødvendigvis representerer eit ønska nivå. For å få ei meir heilskapleg oversikt over utviklinga i kommunen kan du lage diagram i Kommunehelsa statistikkbank. Les meir på [www.fhi.no/folkhelseprofiler](http://www.fhi.no/folkhelseprofiler) og sjå Kommunehelsa statistikkbank, khs.fhi.no.



### Forklaring (tal viser til linjenummer i tabellen ovanfor):

\* = standardiserte verdiar, a = aldersstandardisert og k = kjønnsstandardisert

1. 2013, 2. 2014, 3. 2014, 4. 2014, i prosent av befolkninga. 5. 2013, høgaste fullførte utdanning (av alle med oppgjevne utdanning). 6. 2012, born som bur i hushald med inntekt lågare enn 60 % av nasjonal median. 7. 2012, forholdet mellom inntekta til den personen som ligg på 90-prosentilen og den som ligg på 10-prosentilen. 8. 2013, i prosent av befolkninga. 9. 2011-2013, mottakarar av varig uførepensjon. 10. 2011-2013, 0-17 år, av alle born det vert betalt barnetrygd for. Året 2012 er ekskl. 11. 2013, definert som tilfredsstillande resultat for E. coli (der minst 12 prøver er analyserte) og stabil levering av drikkevatt. Omfattar rapportpliktige vassverk. 12. 2013, andel av totalbefolkninga som er knytt til rapportpliktige vassverk. 13. 2011-2013, 14/15. Skuleåret 2008/09-2013/14, skuleåret 2012/13 finst ikkje i statistikken. 16/17. Skuleåret 2011/12-2013/14. 18. 2011-2013, 19. 2004-2013, utanom åra 2006-2007 pga. teknisk feil ved rapportering. Fadane som har opplyst at dei røykte i byrjinga av svangerskapet i prosent av alle fødande med røykeopplysningar. 20. 2011-2013, KMI over 25 kg/m<sup>2</sup> (basert på sjølvrapportert høgde og vekt før svangerskapet). Berre tal frå sjukehus med god rapportering er teke med. 21/22. 1999-2013, utrekninga er basert på aldersspesifikk dødelegheit. 23. 1998-2012, vurdert etter forskjellen i forventa levealder mellom dei som har grunnskule som høgaste utdanning, og dei som har vidaregåande eller høgare utdanning. 24. 2011-2013, brukarar av fastlege og legevakt. 25. 2011-2013, brukarar av fastlege og legevakt. 26. 2011-2013, 0-74 år, legemiddel mot psykiske lidingar, inkl. sovemiddel. 27. 2011-2013, 0-74 år, muskel- og skjelettplager og -sjukdommar (utanom brot og skader), brukarar av fastlege og legevakt. 28. 2011-2013, 0-74 år, sjukdomar knytt til hjarte- og karsystemet, brukarar av fastlege og legevakt. 29. 2011-2013, 30. 2011-2013, 30-74 år, brukarar av blodglukosesenkande middel, utanom insulin. 31. 2003-2012, 32. 2003-2012, 33. 2011-2013, 0-74 år. 34. 2009-2013, vaksine mot meslingar, kusma og røde hundar. Datakjelder: Statistisk sentralbyrå, NAV, Utdanningsdirektoratet, Norsk pasientregister, Medisinsk fødselsregister (MFR), Primærhelsetenesta fastlege og legevakt (KUHR-databasen som Helsedirektoratet eig), Kreftregisteret, Nasjonalt vaksinasjonsregister (SYSVAK), Vassverksregisteret og Reseptregisteret. For meir informasjon, sjå [khs.fhi.no](http://khs.fhi.no)





**ÅSERAL  
KOMMUNE**  
- Ei positiv kraft

Gardsvegen 68  
4540 Åseral  
Tlf: 38 28 58 00  
[www.aseral.kommune.no](http://www.aseral.kommune.no)

